

**Erika Weiberg-Aurdal**

---

# **Er barnevernets oppfølging av fosterforeldre personavhengig?**

**Om korleis fosterforeldre opplever oppfølginga frå barnevernet**

**Masteroppgåve i Barnevern  
OsloMet – storbyuniversitetet  
Fakultet for samfunnsvitskap**

## Forord

Arbeidet med masterprosjektet har vore ein utfordrande, men lærerik prosess. Det har vore spennande både å setje seg inn i fagkunnskapen knytt til temaet, men ikkje minst å snakke med fostermodrene og høyre deira skildringar av sin kvardag. Det siste halve året har store delar av kvardagen vore prega av dette arbeidet, og no er det godt å sjå det ferdige resultatet.

Eg vil først rette ei stor takk til dei seks fostermodrene som tok meg godt imot og tok seg tid til å stille på intervju med meg, i ein hektisk kvardag. Dei gav meg eit solid materiale å byggje oppgåva mi på, og utan dei hadde ikkje prosjektet vore mogleg å gjennomføre.

Eg må også takke veiledaren min for god hjelp og nyttige tilbakemeldingar i skriveprosessen. Takk også til Randi Wærdahl for gode innspel på vegen, og til mi tante Elise for gode tilbakemeldingar og oppmuntringar.

Oslo 15.05.2018

Erika Weiberg-Aurdal

## Samandrag

Kva rammeverk og lovverk må barnevernet ta omsyn til i oppfølginga av fosterfamiliar, og korleis opplever fosterforeldra oppfølginga frå barnevernet? Desse spørsmåla er utgangspunktet for tema i denne oppgåva. Problemstillinga eg har jobba ut frå er: *"Korleis skildrar eit utval fostermødrer kontakta med og oppfølginga frå barnevernet?"*.

Forskningsmaterialet i studien er basert på semistrukturerte livsverdsintervju av seks fostermødrer. Oppgåva gjer greie for kva rammeverk og lovverk som gjeld for barnevernets arbeid med fosterfamiliar, og kva desse seier om korleis oppfølginga skal vere, samt kva tidlegare forsking har funne.

Gjennom analysen av intervjuematerialet har det kome fram at det er stor variasjon i korleis informantane opplever oppfølginga frå barnevernet. Funna peikar på at barnevernets oppfølging av fostermødrene i studien, er svært personavhengig. Dette gjeld både kompetansen dei har til å kunne veilede fostermødrene, og kor tett oppfølging fostermødrene får. Dei seks fostermødrene sine opplevelingar varierer frå dei som er svært fornøgde og ikkje har noko særleg å setje fingeren på, til ei av fostermødrene som tidlegare måtte seie opp eit oppdrag som følgje av for dårlig oppfølging frå barnevernet. Dei fleste informantane har hatt hyppig skifte av saksbehandlarar, og har opplevd store forskjellar mellom dei ulike dei har vore i kontakt med. Alle fostermødrene har tilsynsførar på plass for fosterbarna, men berre to av seks fortel at dei har fått alle fire av dei lovfesta kontrollane som barnevernet er plikta å gjennomføre.

Informantane skildrar mykje av det same i kva som blir opplevd som god oppfølging frå barnevernet. Funna mine viser at dei seks fostermødrene ønskjer at barnevernet skal vise interesse og gjerne ta kontakt med dei for å spørje korleis det går. Dei ser på tilbod om kurs som positivt, og opplever å ha hatt nytte av kursa dei har delteke på. I kontakta med barnevernet skildrast det som viktig at dei føler seg anerkjent og at det blir lytta til kva dei har å seie. Det å ha nokon å lufte tankar med blir skildra som nyttig. Dei ønskjer også å kunne ringje og få kontakt i situasjonar dei synest er vanskelege å takle. I oppgåva diskuterer eg moglege manglar i barnevernsutdanninga som kan vere årsaken til den personavhengige oppfølginga. Funna mine utgjer berre mitt utval, som er 6 fostermødrer, og er såleis for lite til å generalisere. Likevel er det faktum at tidlegare undersøkingar viser til noko av det same, ein

indikator på at det må gjerast endringar for å sikre ein mindre tilfeldig praksis blant barneverstilsette.

## Abstract

Which laws do child protective services consider when following up on foster parents, and how does foster parents experience the follow-up from child protective services? This question is the base of this study, with the topic: How does a selection of foster care moms describe the contact with and follow-up from child protective services? The results of this study are based on semi-structured interviews with six foster care moms. The study defines the laws and framework of child protective services that applies to the interaction with and follow up of foster care families, as well as results from earlier studies.

Analysis of the interviews shows that informants have varying experiences in the follow-up from child protective services. Results indicate that the follow-up of foster care moms largely depends on the case worker; both in their expertise and frequency of supervision. The experiences vary from satisfied foster care moms, to one that left an assignment due to poor supervision. Most informants had frequent changes in case workers and reported large differences between these. All foster care moms have assigned supervisors, but only two out of six were part of the statutory controls that child protective services are obliged to undertake.

The informants share similar opinions on what constitutes good supervision. My results show that the six foster care moms would like more frequent contact with child protective services with inquiries about their situation. Invitations to participate in courses and classes are considered positive amongst the informants, and they report that they benefit from such events. In contact with child protective services, the informants report that it is very important that they feel acknowledged and heard. Having someone to talk to and call for consultation in difficult situations is described by the foster care moms as desirable. In this study, the insufficiencies within child welfare education responsible for the employee-dependent supervision is discussed. My results are based only on six interviews and are therefore not sufficient for general conclusions. However, the fact that earlier studies have shown similar findings can indicate that the child protective services need systematic changes to avoid employee-dependent supervision.

## INNHALDSLISTERE

|  |           |
|--|-----------|
| <b>FORORD .....</b>  | <b>2</b>  |
| <b>SAMANDRAG .....</b>   | <b>3</b>  |
| <b>ABSTRACT .....</b>  | <b>5</b>  |
| <b>1.0 INNLEIING .....</b>   | <b>8</b>  |
| 1.1 BAKGRUNN FOR VAL AV TEMA .....                                   | 8         |
| 1.2 PROBLEMSTILLING OG AVGRENSEND .....                              | 9         |
| 1.3 OPPBYGGING AV OPPGÅVA .....                                      | 10        |
| <b>2.0 KUNNSKAPSSTATUS, RAMMEVERK, LOVVERK OG ORGANISERING .....</b> | <b>11</b> |
| 2.1 ORGANISERING AV FOSTERHEIMAR .....                               | 11        |
| 2.1.1 <i>Fosterheim</i> .....  | 11        |
| 2.1.2 <i>Fosterforeldrerolla</i> .....                               | 12        |
| <i>Førebuing til fosterheimsoppdraget</i> .....                      | 13        |
| 2.1.3 <i>Rekruttering og opplæring</i> .....                         | 13        |
| 2.2 FOSTERHJEMSAVTALEN .....   | 15        |
| 2.2.1 <i>Fosterheimsgodtgjersle</i> .....                            | 16        |
| 2.2.2 <i>Informasjon i forkant av plassering</i> .....               | 16        |
| 2.3 OPPFØLGING .....   | 17        |
| 2.3.1 <i>Kontroll og tilsyn</i> .....                                | 17        |
| 2.3.2 <i>Veiledning</i> .....  | 18        |
| 2.3.3 <i>Forholdet til barnevernet</i> .....                         | 19        |
| 2.3.4 <i>Kompetanse for arbeid i barnevernet</i> .....               | 21        |
| 2.4 OPPSUMMERING .....   | 24        |
| <b>3.0 METODE .....</b>  | <b>25</b> |
| 3.1 FØRFORSTÅING .....   | 25        |
| 3.2 METODOLOGISK TILNÄRMING .....                                    | 25        |
| 3.2.1 <i>Semistrukturert livsverdsintervju</i> .....                 | 26        |
| 3.3 REKRUTTERING AV UTVAL .....                                      | 26        |
| 3.4 PRESENTASJON AV INFORMANTAR .....                                | 28        |
| 3.5 ETISKE OMSYN .....   | 29        |
| 3.5.1 <i>Konfidensialitet og krav til samtykke</i> .....             | 29        |
| 3.6 INTERVJUPROSESSEN .....  | 30        |
| 3.6.1 <i>Utarbeiding av intervjuguide</i> .....                      | 30        |
| 3.6.2 <i>Prøveintervju</i> .....                                     | 30        |
| 3.6.3 <i>Gjennomføring av intervju</i> .....                         | 31        |
| 3.7 ANALYSEARBEIDET .....  | 32        |
| 3.7.1 <i>Transkripsjon</i> .....                                     | 32        |
| 3.7.2 <i>Kategorisering og identifisering av mønster</i> .....       | 33        |
| 3.8 METODEKRITIKK .....  | 35        |
| 3.8.1 <i>Reliabilitet og validitet</i> .....                         | 35        |
| 3.8.2 <i>Etiske aspekt</i> .....                                     | 35        |
| 3.8.3 <i>Tilbakeblikk</i> .....                                      | 36        |
| <b>4.0 PRESENTASJON AV FUNN .....</b>                                | <b>37</b> |
| 4.1 FØREBUING TIL FOSTERHEIMSOPPDRAGET .....                         | 37        |
| 4.1.1 <i>PRIDE-kurs</i> .....  | 37        |
| 4.1.2 <i>Fosterhjemsaftalen og informasjon i forkant</i> .....       | 38        |
| 4.2 OPPLÆRING, VEILEDNING OG KOMPETANSE .....                        | 39        |

|  |           |
|--|-----------|
| 4.2.1 <i>Kurs</i> .....                          | 39        |
| 4.2.2 <i>Veiledning – ulike tilbod</i> .....     | 41        |
| 4.2.3 <i>Kompetanse og skikkethet</i> .....      | 46        |
| 4.3 OPPFØLGING .....                             | 47        |
| 4.3.1 <i>Oppfølginga generelt</i> .....          | 47        |
| 4.3.2 <i>Kontroll og tilsyn</i> .....            | 52        |
| 4.3.3 <i>Hyppigheit og tilgjengeleghet</i> ..... | 54        |
| 4.3.4 <i>Relasjonen til saksbehandlar</i> .....  | 58        |
| <b>5.0 DRØFTING</b> .....                        | <b>61</b> |
| 5.1 EIT PERSONAVHENGIG BARNEVERN .....           | 61        |
| 5.2 FØREBUING TIL FOSTERHEIMSOPPDRAGET .....     | 61        |
| 5.3 OPPLÆRING, VEILEDNING OG KOMPETANSE .....    | 64        |
| <i>Kurs</i> .....                                | 64        |
| <i>Kva er god veiledning?</i> .....              | 65        |
| <i>Kvar trengs det veiledning?</i> .....         | 67        |
| <i>Kompetanse og skikkethet</i> .....            | 68        |
| 5.4 OPPFØLGING .....                             | 71        |
| <i>Kontroll og tilsyn</i> .....                  | 71        |
| <i>Forholdet til saksbehandlar</i> .....         | 72        |
| <i>Hyppigheit og tilgjengeleghet</i> .....       | 74        |
| 5.5 BARNEVERNET SI DOBBELROLLE .....             | 76        |
| <b>6.0 KONKLUSJON</b> .....                      | <b>78</b> |
| <i>Eit personavhengig barnevern</i> .....        | 78        |
| <i>Kva behov har fostermodrene?</i> .....        | 78        |
| <i>Barnevernet sin kontrollfunksjon</i> .....    | 79        |
| <b>LITTERATUR</b> .....                          | <b>80</b> |
| <b>VEDLEGG 1</b> .....                           | <b>84</b> |
| <b>VEDLEGG 2</b> .....                           | <b>87</b> |
| <b>VEDLEGG 3</b> .....                           | <b>89</b> |

## 1.0 Innleiing

Ifølgje tal frå Statistisk sentralbyrå (SSB) er det ei stadig auking i talet på barn som blir plasserte i fosterheim i Noreg (Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet [Bufdir], 2017e). Dette kjem av ei tilskikta vriding i politikken, der fokuset har vore å redusere bruken av barnevernsinstitusjonar og auke bruken av fosterheimar. I desember i 2017 budde 12000 barn i fosterheim i Noreg (Fossum & Hagen, 2017). Samtidig stod 350 barn i kø for å bli plasserte, som følgje av stor mangel på fosterheimar.

Saman med auka bruk av fosterheimar ved plassering av barn, indikerer forsking gjort av Backe-Hansen, Havik & Grønningsæter (2013, s. 21) ei auka profesjonalisering av fosterheimane. Dette kan knytast til at barn med store vanskar, som tidlegare ville blitt plasserte i institusjonar, no blir plasserte i fosterheimar. Barn som blir plasserte i fosterheim kan vere prega av vanskelege opplevingar som kan gjere at dei ikkje reagerer på same måte som andre barn. Dette gir behov for ein auka kompetanse for fosterforeldra som skal utøve omsorg for desse barna, og medfører også at det kan vere utfordrande å ta på seg oppgåva som fosterfamilie.

Ifølgje retningslinjene til lov om barnevernstjenester (Bufdir, 2004) er det den statlige, regionale barnevernsmyndigheten som har ansvaret for både rekrutteringa og opplæringa av fosterheimane. Barnevernstjenesta har ansvar for å følgje opp fosterfamilien med råd og veiledning, kontroll og tilsyn av fosterheimen så lenge plasseringa varer (forskrift om fosterhjem, 2003, § 7). Ei nyleg undersøking gjort av VG fann at 44 kommunar i Noreg har svikta 3 av 4 fosterbarn i å gjennomføre tilsyna dei har lovmessig krav på (Majid & Byermoen, 2018). Det at lovpålagte tilsyn ikkje blir gjennomførte, indikerer ein svikt i organiseringa av barnevernet. Kva har dette å seie for korleis fosterheimspllasseringane fungerer?

### 1.1 Bakgrunn for val av tema

Min faglege bakgrunn er ein bachelor i Barnehagelærar, der praksisen var retta mot barnehage. Eg har erfaring frå arbeid i heimesjukepleie, arbeid som assistent i barnehage og som miljøarbeidar med utviklingshemma brukarar. Eg har slik inga erfaring frå barnevernsfeltet som utgangspunkt for val av tema. Det å skulle skrive ei masteroppgåve utan å ha jobba i dette feltet sjølv, har eg sett på som utfordrande. Dette spesielt med tanke på å

skulle finne eit tema og ei problemstilling som er relevant og som samtidig vekker mi interesse. Samtidig kan det vere ein fordel å ikkje ha bakgrunn frå barnevernet, fordi dette ikkje medfører noko kjensle av forplikting til å forsvare dette yrket. Det kan også vere nytig å ta føre seg forskingsmaterialet med eit ”utrent auge”.

Familien min er fosterfamilie og har vore det i rundt 8 år. Eg har slik erfaring med fosterfamilieaspektet frå fosterfamilien sitt perspektiv. Slik stiller eg nærmere fosterforeldra sin posisjon i undersøkinga, enn barnevernet sin, fordi det er frå fosterfamilie-perspektivet eg har erfaringa mi. Denne erfaringa har vekka interessa for arbeidet barnevernet gjer med fosterfamiliar, og blitt til noko eg ønskjer å undersøke nærmare. Eg har erfart at oppgåva som fosterfamilie kan by på store utfordringar, og at fosterbarn kan vere komplekse og ha meir behov for oppfølging enn andre barn. Eg har òg sett på tett hald korleis foreldra mine har jobba for å leggje til rette for at ting skal bli betre for eit barn som har ulike utfordringar. Fleire gongar har eg lurt på kva barnevernet si rolle er, og skal vere, i desse situasjonane.

## 1.2 Problemstilling og avgrensing

I mitt masterprosjekt ønskjer eg sjå nærmere på fosterforeldre sitt syn på oppfølginga dei får frå barnevernet. Eg vil undersøke i kva grad dei meiner oppfølginga frå barnevernet er avgjerande for korleis dei taklar rolla si. Problemstillinga er har jobba ut frå er som følgjer:

*”Korleis skildrar eit utval fostermødrer kontakta med og oppfølginga frå barnevernet?”*

Eg vil kaste lys over problemstillinga mi frå fostermødrer sitt perspektiv. Eg ønskjer å få ei innsikt i korleis dei opplever dei ulike sidene av oppfølginga frå barnevernet, og korleis dei meiner den påverkar måten dei taklar oppdragene som fosterforeldre. Ut frå storleiken på undersøkinga mi vil eg ikkje kunne generalisere – kome med klare oppskrifter på kva som fungerer og ikkje fungerer i barnevernets oppfølging generelt. Målet med prosjektet mitt er difor å formidle eit utval av fostermødrer sine syn på oppfølginga frå barnevernet. Det er interessant å sjå i kva grad desse opplevingane samsvarar. Forhåpentlegvis kan funna eg har vere eit bidrag i barnevernets vidare arbeid med oppfølging av fosterforeldre.

Forskningsmaterialet mitt består av intervju av 6 fostermødrer. Eg har ikkje intervjuia fosterfedrar, og kjem difor til å bruke fostermødrer i omtalen av informantane, fordi det er dei eg kan knyte funna mine til. Ut frå forskningsmaterialet mitt har eg vurdert å fokusere på korleis fosterforeldra blir førebudd til oppdraget, kva opplæring og veiledning dei får og

kompetansen barnevernet har på dette området, samt oppfølginga frå barnevernet. Eit område som også ville vore aktuelt å sjå på er forholdet til biologiske foreldre og samvær med desse. Denne problematikken har eg valt å ikkje belyse i mi oppgåve. Eg vurderte at eg hadde lite materiale knytt til denne delen av samarbeidet, og at det difor var betre å kunne utdjupe dei andre delane meir.

### **1.3 Oppbygging av oppgåva**

Oppgåva er vidare delt inn i fire kapittel. I kapittel 2 presenterer eg kunnskapsstatus, lovverk, rammeverk og organiseringa av barnevernet, samt teori som eg finn relevant for drøftinga. Kapittel 3 er metodekapitlet der eg trinnvis presenterer korleis eg har gått fram i forskingsprosessen. I kapittel 4 presenterer eg funna eg har innhenta, og drøfter så desse i kapittel 5. Til sist vil eg konkludere og drage fram dei viktigaste funna i kapittel 6.

## **2.0 Kunnskapsstatus, rammeverk, lovverk og organisering**

I dette kapitlet presenterer eg rammeverk og lovverk for organisering av fosterheimar. I tillegg presenterer eg faglitteratur som er relevant for forståing av dei ulike aktørane, samt litteraturen eg trekk inn i drøfting av resultata seinare i oppgåva.

### **2.1 Organisering av fosterheimar**

#### **2.1.1 Fosterheim**

Fosterheim er i Barnevernloven (1992, §4-22) og forskrift om fosterhjem (2003, §1) definert slik:

- a) private fosterhjem som tar imot barn til oppfostring på grunnlag av barneverntjenestens beslutning om hjelpe tiltak etter barnevernloven § 4-4, eller i samband med omsorgsovertakelse etter § 4-12 eller § 4-8 annet og tredje ledd,
- b) private hjem som skal godkjennes i henhold til § 4-7.

På Barne- ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir) sine heimesider (2017d) vert fosterheim definert slik: ”Et fosterhjem er et privat hjem som tar vare på barn som ikke kan bo hos foreldrene sine. Fosterforeldre samarbeider med barneverntjenesten i kommunen, og i de fleste tilfellene med barnets familie, om barnets behov og fremtid.” Vidare er dei ulike typane fosterheimar skildra. Dei ulike typane fosterheimar er ifølgje Barne- ungdoms- og familieetaten (Bufetat) sine heimesider (2017d) som følgjer: Ordinære fosterheimar, slekts- og nettverksfosterheimar, fosterheimar til einslege, mindreårige flyktninger, beredskapsheimar, familieheimar og besøksheimar.

Ordinære fosterheimar er kommunale fosterheimar, der avtalen er gjort med kommunen, og det er også her ein som fosterforeldre tek imot godtgjering og oppfølging (Bufdir, 2017d). Barn som har behov for å bo i fosterheim er oftast i skulealder. Dei kan ha opplevd ulike belastningar som kan gjere at dei treng ekstra støttetiltak for at fosterheimspllasseringa skal bli vellukka. Dersom det ikkje er særlege grunnar for anna, skal barna også ha kontakt med eigne foreldre og søsken, noko fosterfamilien skal vere med å legge til rette for (ibid.). Vidare i oppgåva vil omtalen av fosterheimar vere retta mot denne typen fosterheimar.

## 2.1.2 Fosterforeldrerolla

Det er stilt både generelle krav til fosterforeldre, men også konkrete krav i forhold til plasseringa av kvart enkelt barn (Bufdir, 2004). I forskrift om fosterhjem står det at dei generelle krava til fosterforeldre blant anna inneber ei ”særlig evne, tid og overskudd til å gi barn et trygt og godt hjem”(2003, §3). I tillegg til dette er god helse, stabil livssituasjon, gode samarbeidsevner, sosialt nettverk, bustad og økonomi faktorar som spelar inn (ibid.). På Bufdir (2004) sine sider er det lagt vekt på personleg egnethet som avgjeraande for om ein kan bli ein god fosterforelder. Dette forklarer dei som evna til å sjå barnet sine forskjellige behov, samt å gi den merksemda og kontakta barnet har behov for.

Bunkholdt (2017, s. 173) skildrar fosterforeldrerolla som plassert mellom to ytterpunkt: foreldrerolla og behandlarrolla. Fosterforeldre er med foreldrerolla på eine sida forventa å behandle fosterbarnet slik dei behandlar eller ville behandla sine eigne barn, med tanke på lik grensesetting, at dei kan stille same krava til at barnet tek ansvar og forplikting, og at det har lik evne til tilknyting og å overhalde normer og reglar. Med ei foreldrerolle vil forholdet til fosterbarnet bere preg av ei forventning om gjensidigkeit og om at utviklinga skjer som resultat av normal, god omsorg. På den andre sida er behandlarrolla, der ein ifølge Bunkholdt (ibid.) tek i bruk fagkunnskapar og metodiske tilnærmingar som verktøy for å skape endring hos ein klient. Her er behandlaren engasjert i klienten, men forholdet mellom dei to vil ikkje vere prega av same gjensidigkeit som ein kan forvente i foreldrerolla. Som behandlar vil ein til dømes ikkje reagere med sterke kjensler på barnet sin åtferd på same måte som er naturleg i foreldrerolla (ibid.).

Fosterforeldrerolla er ifølge Bunkholdt (2017, s. 173) ei blanding av desse to rollene. Dette kjem av at barn som havnar i fosterheim ofte har behov for meir enn vanleg god foreldreomsorg. Dei kan ha store problem og åtferdsvanskar som krev meir av omsorgspersonane enn ei intuitiv forståing av barns behov. Fosterforeldra vil ofte måtte ta i bruk systematisk kunnskap og ferdigheter i arbeidet med å gi barnet nye erfaringar, og vil slik vere nærare ei rolle som miljøterapeut enn foreldrerolla. Samtidig skal fosterforeldre også dekke barnets daglege behov og gi det kjærleg omsorg. Det å finne ein balansegang mellom desse svært ulike rollene kan for mange fosterforeldre vere vanskeleg, og nokon vil kanskje vere meir i ei av rollene. Dette vil ikkje vere gunstig verken for fosterbarn eller fosterforeldre (ibid.).

Forsking gjort av Backe-Hansen, Havik & Grønningsæter (2013, s. 21) viser indikasjonar på ei auka profesjonalisering av fosterheimar. Profesjonalisering er her forklart som ein aktivitet som blir konvertert til å krevje ei form for spesiell utdanning, trening eller ferdigheit, og slik blir til eit arbeid. Dei forklarar at behovet for meir profesjonaliserte fosterheimar kjem av ein auka bruk av fosterheimar, som gjer at fleire problembelasta barn og unge bur i fosterheim. Som følgje av at mange av desse har meir komplekse behov enn andre barn og unge, slik Bunkholdt (2017, s. 173) også skildrar, er det også større behov for auka læringstilbod til, og kvalifisering av, fosterheimane (Backe-Hansen, Havik & Grønningsæter, 2013, s. 21).

Forsking gjort i England av Lindhiem & Dozier (2007), fann at forplikting frå fosterforeldra kan predikere stabiliteten i ei fosterheimspllassering. Fosterforeldre i undersøkinga som ikkje hadde vore fosterforeldre for mange barn, samt hadde plassering av eit lite barn, følte seg meir forplikta enn andre. Her vart grad av forplikting definert etter i kor stor grad fosterforeldre er motiverte for å etablere og oppretthalde ein varig relasjon til fosterbarnet. Lindhiem & Dozier (*ibid.*) peiker på at denne forpliktinga vil variere i utforming alt etter barnets situasjon, alder og behov, men at den i hovudsak går på at barnet skal vere trygg på at han/ho kan bu i fosterheimen så lenge det er behov, og føler seg verdsett og ønska.

## **Førebuing til fosterheimsoppdraget**

### **2.1.3 Rekruttering og opplæring**

Som nemnt i innleiinga, er det den statlige, regionale barnevernmyndigheita som har ansvaret for både rekrutteringa og opplæringa av fosterheimane (Bufdir, 2004). Denne er inndelt i sentralt og regionalt nivå, der det sentrale nivået er Barne-, ungdoms, og familieetaten (Bufetat). Ifølgje Forskrift om fosterhjem (2003, §2) og Barnevernlova (1992, § 2-3) er det Bufetat, altså det sentrale nivået, som har ansvaret for rekruttering og formidling av fosterheimar, samt at fosterheimane får nødvendig opplæring og generell veiledning.

Ifølge infosidene til Bufdir (2017d) om fosterheim, er ansvaret for opplæring og veiledning av fosterheimane fordelt mellom Bufetat og Barnevernstenesta i kommunen. Bufetat har ansvaret for å gi fosterheimane nødvendig opplæring gjennom Parent Resources for Information, Development and Education (PRIDE)-kurs, samt generell veiledning om det

å vere fosterforeldre. Barnevernstenesta i kommunen har ansvaret for konkret opplæring og veiledning knytt til den enkelte fosterheimspllasseringa (ibid.).

Bufetat (2017a) har ansvaret for den statlege delen av barne- og familievernet og er delt inn i fem regionar på landsbasis. Organisasjonen har også ansvar for å rekruttere og sikre tilstrekkeleg tilbod av fosterheimar, samtidig som dei skal bidra til forsvarleg kvalitet av desse gjennom opplæring og veiledning. Den kommunale barnevernstenesta vurderer om barn har behov for plassering utanfor heimen, anten i institusjon eller fosterheim, og Bufetat er med å finne det vurderte tiltaket (2017a).

### ***PRIDE-kurs***

PRIDE-kurset er barnevernet sitt opplæringskurs for fosterforeldre. PRIDE er ei forkorting for Parent Resources for Information, Development and Education, og forkortinga kan oversetjast til Stoltheit på norsk (Havik, Johansen & Moldestad, 2007, s. 17). Barnevernet har ifølge Bufdir sine nettsider (2017b), fire ulike PRIDE-kurs. PRIDE grunnkurs er ein type kurs for opplæring av fosterforeldre, og eit anna kurs for slekt og nettverk. Der er også PRIDE vidareopplæringsmodular for dei som har behov for vidare kursing etter grunnkurset. I tillegg til dette er der eit PRIDE ungdomskurs for dei som kan tenkje seg å bli fosterheim for ungdom mellom 13-17 år.

Ifølgje retningslinjene bør opplæringstilbodet fosterforeldre får, innehalde opplæring som gjer fosterforeldra betre rusta til å ta seg av barn med spesielle behov (Bufetat, 2004). I tråd med at rekruttering og opplæring av fosterforeldre blir sett meir i samanheng, er PRIDE-programmet meint som både rekrutterings- og opplæringsprogram. I den første delen av PRIDE er målet å førebu og greie ut om familiar som er interesserte i å bli fosterforeldre. Den andre delen skal gi dei som er blitt fosterforeldre, auka kompetanse om deira fosterbarn.

PRIDE grunnkurs for opplæring av fosterforeldre, er ifølge Bufdir sine nettsider (2017b), eit kurs for dei som vurderer å bli fosterheim, som gjer det mogleg å vurdere om det å vere fosterheim er noko for dei. Havik, Johansen & Moldestad (2007, s. 16) viser til Handboka for PRIDE-ledesar når dei forklarar kva som inngår i PRIDE-grunnopplæringa. Dei forklarar at målsetjinga for kurset i hovudsak er å gi fosterforeldra dei ferdighetene som trengs for å kunne både ha forståing for og ivareta fosterbarn sine behov, samt hjelpe dei å hanskast med tap, samtidig som dei som fosterforeldre skal vere ”fullverdige medlemmer i teamet rundt barnet” (ibid.). Her blir også den samtidige målsetjinga skildra, om at

deltakarane skal få eit grunnlag som gjer dei rusta for å avgjere både om dei vil og kan ha god omsorg for eit fosterbarn, og om dei vil og kan arbeide i eit team med etatane og personane frå det offentlege som har ansvar for å følgje opp fosterbarnet. Likså skal det offentlege gjere vurderingar av om deltakarane er rusta for desse oppgåvene. Vurderingane skal kunne gjerast gjennom kurset si innføring i både barn sine generelle og spesifikke utviklingsbehov, så vel som kva oppgåver ein vil møte på som fosterforeldre, og kva former for ferdigheter og haldningar desse vil krevje (ibid.).

Havik (2007, s. 67) fann av si undersøking at fosterforeldra som hadde gjennomført PRIDE-opplæringa kjente seg noko betre førebudd til fosterforeldreoppdraget enn dei som ikkje hadde gjennomført denne. Ho konkluderte også med at deltakarane av PRIDE-kursa var tilfredse med desse, både med organisering i form av leiing, tema og arbeidsmåtar, i tillegg til at dei opplevde den som lærerik og nyttig. Dette er også i tråd med evalueringa til Stefansen & Hansen (2014, s. 11). Dei fann at eit fleirtal av fosterforeldra vurderte kvart av elementa og tema i grunnopplæringa som nyttig. Havik (2007, s. 67) skriv at det å vite kva ein går til og kva ein kan vente seg av ei oppgåve er viktige føresetnader for å kunne mestre oppgåva. Opplevinga av å vere godt førebudd på rolla som fosterforelder er forbunde med å ha fått god informasjon på førehand, då særskilt om plikter og rettar ein har som fosterforeldre, samt moglege verknader på eigne barn og familie (ibid.).

## 2.2 Fosterhjemsaftalen

Fosterhjemsaftalen (Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet, 2010, s. 5) er ein skriftleg avtale mellom barnevernet og fosterforeldra, som regulerer forholdet dei imellom når fosterforeldra tek på seg eit fosterheimsoppdrag for barnevernet. I forkant av inngåing av avtalen, skal barnevernet gå gjennom avtalen og gjere greie for kva alle punkta inneberer, og fosterforeldra skal setje seg inn i retningslinjene for fosterhjem (2004). Avtalen skal gjennomgåast minst ein gong i året, og skal elles vurderast og eventuelt endrast når ein av partane krev det. Behovet for ekstraressursar eller forsterkingstiltak skal også vurderast jamleg (ibid.).

Dei ulike punkta i fosterhjemsaftalen inkluderer informasjon om alle delar av fosterheimsoppdraget. Dei overordna punkta er som følgjer; ”Barneverntjenestens oppgaver og forpliktelser”, ”Plan for fosterbarnets omsorgssituasjon”, ”Opplæring, veiledning, oppfølging, kontroll og tilsyn”, ”Samvær”, ”Fosterforeldrenes forpliktelser”,

”Fosterhjemsgodtgjøring, dekning av andre utgifter, forsikring og barnetrygd”, ”Opphør av avtaleforholdet” og ”Tvister” (Barne- likestillings- og inkluderingsdepartementet, 2010, s. 3) .

Fosterhjemsavtalen (Barne- likestillings- og inkluderingsdepartementet, 2010, s. 6) slår fast at fosterforeldra skal få alle opplysningar om fosterbarnet som er nødvendige for at dei skal kunne ivareta omsorga for barnet. Dette gjeld også informasjon som kjem til undervegs i plasseringa – den skal snarast mogleg vidareformidlast fosterforeldra. Avtalen skal også frå dag ein innehalde ein plan for barnets omsorgssituasjon, som blir ein foreløpig plan fram til fylkesnemnda fattar vedtak om omsorgsovertaking. Då skal det innan to år vedtakast ein endeleg omsorgsplan. Dette er planen for barnets framtid i forhold til kvar barnet skal bu og vekse opp, kontakt med eigen familie og eventuelle særlege behov for oppfølging (ibid.).

I kapitlet om opplæring, veiledning, oppfølging, kontroll og tilsyn, står det at fosterheimen skal få den opplæringa og veiledninga som er nødvendig i forhold til fosterbarnets behov (Barne- likestillings- og inkluderingsdepartementet, 2010, s. 7). I tillegg skal barnevernstenesta vere tilgjengeleg for å kunne gi fosterforeldra veiledninga dei har behov for.

### **2.2.1 Fosterheimsgodtgjersle**

Ifølgje nettsidene til Bufdir (2018a) får ein som fosterforeldre fosterheimsgodtgjersle. Denne er todelt; ei arbeidsgodtgjersle som skal skattast av, og ei skattefri utgiftsdekking av kost, klede og fritidsaktivitetar for fosterbarnet. Fosterheimsgodtgjersla blir avtalt gjennom ei kontrakt med barnevernstenesta i kommunen, og storleiken avheng av kvart fosterbarn sitt behov.

I tilfelle der fosterbarnet treng ekstra oppfølging eller tilsyn, kan det vere behov for at ein av fosterforeldra er heime med fosterbarnet. I slike tilfelle kan fosterforelderen bli heilt eller delvis frikjøpt frå sin ordinære jobb. Då vil barnevernstenesta gi kompensasjon for tapt arbeidsinntekt, som er innanfor den rettleiande grensa i folketrygda (Bufdir, 2018a).

### **2.2.2 Informasjon i forkant av plassering**

I tillegg til fosterhjemsavtalen, har Bufdir (2018c) laga ei sjekkliste for kva informasjon fosterforeldre bør få når eit barn skal flytte i fosterheim. Denne informasjonen inkluderer forhold ved fosterbarnet, fosterbarnets familie og nettverk, informasjon om kva som inngår i

oppdraget som fosterheim, om barnevernets ansvar for oppfølging av fosterheimen, om korleis fosterheimen skal handtere kriser og om tilsynsperson og barnets medverknad (ibid). Denne sjekklista er detaljert og oversiktleg, og Bufdir (2018c) anbefaler barnevernstenesta å bruke denne aktivt i forbindelse med flyttingar i fosterheimar. Dei skriv at barnevernstenesta kan gå gjennom sjekklista med fosterforeldra i fleire fasar (ibid.).

Kapstad (2014) skriv at kunnskap om kva fosterbarnet har vore gjennom i forkant av plasseringa kan hjelpe fosterforeldra å setje seg inn i bakgrunnen for åferda og reaksjonsmønsteret til barnet. Ved å ha ei viss innsikt i kva barnet har opplevd, kan fosterforeldra lettare forstå barnet, noko som kan vere med å auke deira toleranse og uthald i arbeidet med å hjelpe barnet å endre sine strategiar.

## **2.3 Oppfølging**

### **2.3.1 Kontroll og tilsyn**

Både i Fosterhjemsavtalen (2010, s. 7) og i Forskrift om fosterhjem (2013, §7) er det lagt rammer for i kva grad barnevernstenesta skal føre kontroll med fosterheimane. Barnevernstenesta skal besøke fosterheimen så ofte som nødvendig, med eit minimum på fire gongar i året, som kan reduserast til to gongar ved gode forhold, i plasseringar som har vart i over to år (ibid). I tillegg til dette skal fosterbarnet ha eigen tilsynsførar som kommunen har ansvaret for å oppnemne. Denne skal vere fosterbarnets uavhengige støtteperson og kontrollere at fosterbarnet får tilfredstillande omsorg i fosterheimen (Fosterhjemsavtalen, 2010, s. 8; Forskrift om fosterhjem, 2013, §9). Tal på tilsyn i året er sett til minimum 4, men dette kan reduserast etter at fosterbarnet er fylt 15 år og har vore i same fosterheim i over to år (ibid.). Tilsynspersonen skal få nødvendig opplæring og veiledning til å kunne utføre tilsyna, og desse skal skje minimum 4 gongar i året. Tilsynsføraren skal utarbeide ein rapport etter kvart tilsyn, som umiddelbart skal sendast til fosterheimskommunen. Fosterheimskommunen har igjen ansvar for å kontrollere at rapporten gir tilstrekkeleg informasjon, og be om tilleggsrapport om der er manglar (ibid.). Bunkholdt & Kvaran (2015, s. 290) understreker viktigheita av at fosterbarnet har ein person dei kan ha tillit til som er uavhengig av barnevernet, og viser til at fleire rapportar og artiklar også seier det same.

### **2.3.2 Veiledning**

Fosterforeldre sin rett til veiledning er, som tidlegare nemnt, lovfesta i forskrift om fosterhjem (2003, § 7) og i lov om barneverntjenester (1992, § 4-22). Det er barnevernstenesta som skal gi fosterforeldra veiledning i forbindelse med plassering av kvart enkelt barn (Forskrift om fosterhjem, 2003, §7; Bufdir, 2017d). Tveiten definerer veiledning som: ”en formell, relasjonell og pedagogisk istandsettingsprosess som har til hensikt at fokuspersonens mestringskompetanse styrkes gjennom en dialog basert på kunnskap og humanistiske verdier” (2008, s. 19-21). Tveiten skriv vidare at veiledaren skal ha kompetanse til å veilede. Havik (2007, s. 97) sin kartleggingsstudie viser at veiledning er eitt av tiltaka som i aukande grad er iverksett. Ifølgje denne studien meiner 87% av fosterforeldra at veiledninga bør rette seg mot forhold ved barnet.

Ifølgje Bufdir (2017c) sine nettsider skal alle fosterheimar få tilbod om veiledning det første året etter plasseringa. Denne kan blant anna omhandle utøvinga av rolla som fosterforeldre og korleis oppgåva verkar inn på familien (ibid.). Jacobsen (2009, s. 43) skriv at veiledning og oppfølging av fosterforeldra den første tida er særsviktig med tanke på etablering av den nye relasjonen mellom fosterbarnet og fosterforeldra. Fosterbarn kan ha mykje i bagasjen som gjer at dei ikkje reagerer på same måte som andre barn, noko som er viktig for fosterforeldre å ha kompetanse på for ikkje å tolke reaksjonane frå fosterbarnet på feil måte (ibid.). Vidare skriv Jacobsen (2009, s. 45) at mange fosterforeldre er usikre på om det dei gjer er rett, og har difor behov for veiledning og tryggheit i fosterforeldrerolla.

Bunkholdt & Kvaran (2015, s. 277) skriv at oppgåva som fosterforeldre ikkje er enkel, og kan slite på forhold både til egne barn og andre i familien, samt par-forholdet. Barn som blir plasserte i fosterheim har gjerne opplevingar frå tidlegare, som har gitt dei skadar som gjer at dei til dømes kan bruke lengre tid på å knytte seg til fosterfamilien enn andre. Dette kan så tvil hos fosterforeldra når det gjeld om dei taklar ulike situasjoner på rett måte, og dei kan få ei dårlig oppleving av eigen omsorgskompetanse. På grunn av slike faktorar vil fosterforeldra sitt behov for veiledning vere til stades. Mykje av moglegheita til å lukkast med ei fosterheimspllassering, er ifølgje Bunkholdt & Kvaran (ibid) avhengig av nettopp veiledning.

Oterholm (2016) viser til at veiledningskompetansen i fleire år har vore trekt fram som essensiell i arbeidet med fosterfamiliar i forskjellige rapportar og utredningar. I Norges

offentlige utredninger, nr. 12, om barnevernet i Norge (2000, s. 14) kom utvalet med tilstandsvurderingar, nye perspektiv og forslag til reformer. Det vart her konkludert med at treårig høgskuleutdanning ikkje er tilstrekkeleg for arbeid i barnevernet, men at denne bør påbyggast med nettopp veiledning, saman med målretta vidareutdanning. Kapstad (2014) skriv at fordi det er saksbehandlar som må inneha den nødvendige kunnskapen og teoretiske forankringa, bør det ikkje vere opp til fosterheimen sjølv å skulle be om hjelp den første tida av ei plassering. Veiledning i starten av ei plassering bør vere ein del av oppfølginga av fosterheimen (*ibid.*).

### **Trygg Base**

Trygg base er ei gruppeveiledning for fosterforeldre. På nettsidene til Bufdir forklararast Trygg Base slik:

I Trygg Base kan du som fosterforelder dele gledene og utfordringene i din nye livssituasjon med andre fosterforeldre. Du kan ta opp tema det kan være vanskelig å snakke med andre om. Gruppa er også et sted for deling og utveksling av kunnskap.  
(Bufdir, 2018b)

Trygg Base-veiledninga er ifølgje Bufdir (2015) sine sider bygd på Schofield & Beek (2014) sin modell for veiledning av fosterforeldre. Denne er bygd opp av følgjande fem omsorgsdimensjonar eller utviklingsområde; å vere tilgjengeleg, å gi sensitive gjensvar, å godta barnet, å gi samarbeidsinnstilt omsorg og å fremje familiemedlemskap (*ibid.*). Bunkholdt & Kvaran (2015, s. 278) viser til at fosterforeldre ofte synest det er verdifullt å kunne snakke med kvarandre og dele erfaringar.

### **2.3.3 Forholdet til barnevernet**

Bunkholdt & Kvaran (2015, s. 310-311) skriv at ein føresetnad for eit godt samarbeidsklima mellom fosterfamilien og barnevernstenesta er at saksbehandlaren både er oppfatta som kompetent, og at han/ho er godt kjend med barnet og fosterforeldra. Det vert også nemnt som gunstig at saksbehandlaren viser interesse og engasjement i familien generelt. Bunkholdt & Kvaran (*ibid.*) understreker at fosterforeldre skal ha tilgang til hjelp når dei treng det. I dette legg dei at saksbehandlaren skal vere tilgjengeleg når fosterforeldre kan ha behov for hjelp i akutte situasjonar. Dei anbefaler også at barnevernet underbygger samarbeidsforholdet

mellom seg og fosterforeldra ved å snakke om ”vi”. Dette inneber at dei saman leiter etter løysingar på utfordringar, at dei let fosterforeldra kome med løysingsforslag og ikkje kjem med råd for tidleg, og at dei ikkje tek avgjelder utan å drøfte dei med fosterforeldra først (ibid.).

Havik (2007, s. 149) fann at ein av to fosterforeldre meinte støtta og oppfølginga frå barnevernet var ein viktig eller svært viktig grunn for at dei heldt fram som fosterforeldre til tross for at dei var trøtte og lei. Av dei som meinte dette, var det mange som opplevde at barnevernet såg dei som samarbeidspartnarar, at saksbehandlarane sin kompetanse var god og at saksbehandlaren si interesse og sitt engasjement var passe stort (ibid.). Ifølgje Norges offentlige utredninger, nr. 8, om kompetanseutvikling i barnevernet (2009, s. 112) er kontaktetablering, samtale og kommunikative ferdigheter ein sentral kompetanse for arbeid i barnevernet.

Backe-Hansen, Christiansen & Havik (2013, s. 33) skriv at forholdet mellom fosterforeldre og saksbehandlar ikkje er eit likeverdig forhold. Barnevernet har fleire aktørar å ta omsyn til, og vil slik måtte balansere motstridande interesser. Fosterforeldra vil ikkje alltid oppleve at barnevernet ser på dei som kompetente samarbeidspartnarar, og barnevernet vil ikkje alltid behandle dei slik. Når barnevernet tek avgjersler som ikkje samsvarar med fosterforeldra sine interesser, kan dette skape kommunikasjonsbrister som kan skape vanskar i den vidare relasjonen til fosterforeldra.

Havik (2007, s. 71-72) fann at 2 av fire fosterforeldre i hennar undersøking hadde hatt meir enn to saksbehandlarar. Alle aktørar i fosterheimsarbeidet har, ifølgje Havik (ibid.), over lengre tid vore einige i at ei stadig skifting av saksbehandlarar i ei fosterheimspllassering ikkje er ønskjeleg. Dette vil kunne lage ein brest i kontinuiteten i oppfølginga og true stabiliteten i fosterheimsforholdet. Moldestad & Skilbred (2010) skriv at undersøkinga deira peikar på at fosterforeldre opplever hyppig skifte av saksbehandlar som belastande. Dette på grunn av at historia må fortellaast på nytt, nye relasjonar må etablerast, og nye saksbehandlarar har nye måtar å sjå på sakskomplekset, som igjen må tilarbeidast og re-forhandlast.

Havik (2007, s. 71-72) peikar vidare på at det ho skildrar som god oppfølging av fosterheimar krev god utøving av skjønn. Dette medfører at saksbehandlaren sine forståingar og prioriteringar får stor betyding for føringane som blir gjeldande. Follesø uttalte at det ofte

er personavhengig kor godt eit barnevern fungerer (Andersen, 2018), noko som er i tråd med det Havik (*ibid.*) forklarer.

Backe-Hansen, Christiansen & Havik (2013, s. 33) nemner fosterforeldre sitt forhold til barnevernstenesta som ein av faktorane som påverkar om dei vurderer å seie opp fosterheimsforholdet eller ikkje. Også Havik (2007, s. 149) fann at halvparten av fosterforeldra vurderte at forholdet til barnevernstenesta var viktig eller særsviktig i vurderinga av å seie opp avtalen. Backe-Hansen, Havik & Grønningsæter (2013, s. 151) fann at kvar 5. fosterforelder meinte at saksbehandlarar kjente barnet og dei sjølv lite. Backe-Hansen, Christiansen & Havik (2013, s.33) skriv at relasjonane mellom fosterforeldre og saksbehandlar vil variere, samtidig som situasjonen til barn, fosterforeldre og biologiske foreldre vil vere med å påverke dynamikken i plasseringa. I somme plasseringar vil fosterforeldra måtte ta omsyn til ulike saksbehandlarar, noko som vil vere med å påverke forholdet dei får til barnevernstenesta.

Backe-Hansen, Havik & Grønningsæter (2013, s. 152) skriv at det er viktig for fosterforeldra å kunne formidle sine forståingar og oppleve at dei blir hørt på desse og at dei har innflytelse på fosterbarnets omsorg. Havik (2007, s. 152) skriv at openheit og tryggheit er viktig i barnevernet sine sentrale støtte- og oppfølgingsoppgåver. Fosterforeldre har slik behov for anerkjennelse for jobben dei legg ned, og deira rolle i fosterbarnets liv. Aamodt (2014, s. 203) forklarer anerkjennelse som det å bli sett, lytta til, regna med og inkludert i ein fellesskap med andre menneske som vi sjølv anerkjenner. Anerkjennelse medfører ikkje nødvendigvis eine, men handlar heller om å møte den andre på ein måte som gjer at begge partar beheld sine eigne opplevingar, kjensler og verdiar, og respekterer desse (Aamodt, 2014, s. 206).

### **2.3.4 Kompetanse for arbeid i barnevernet**

Follesø peikar på at det per dags dato ikkje fins formelle krav for kva utdanning ein må ha for å jobbe i barnevernet. Ho seier at det hastar å kome i gong med ei masterutdanning for arbeid i barnevernet, som er tettare kopla opp mot praksis, og der studentane frå dag ein får jobbe med å møte menneske og forstå den makta dei skal ha i jobben (Andersen & Johnsen, 2018). I Norges offentlige utredninger, nr. 8, om kompetanseutvikling i barnevernet (2009, s. 102) står det om kvalitetsutvikling av studiar i lys av barnevernets framtidige kompetanse- og kvalifiseringsbehov. Her blir den profesjonelle kompetansen for barnevern delt inn i fem

kategoriar. Desse er; personleg kompetanse, kommunikativ kompetanse, fagleg kompetanse, etisk kompetanse og forvaltningskompetanse.

Den personlege kompetansen omfattar ”sosialt engasjement, kultursensitivitet og barne- og ungdomsrelevante interesser og holdninger” (NOU 2009:8, 2009, s. 102). Den kommunikative kompetansen omfattar ”samtale- og samhandlingsferdigheter og evne til å mestre direkte relasjoner og vanskelige situasjoner” (ibid.). Den faglege kompetansen inneber ”forskningsbaserte kunnskaper om barn og unge, deres omsorgs-, utviklings- og lærebehov og en bred faglig innsikt om problemtilstander, tiltak og muligheter, samt ulike faglige forståelsesmåter med relevans for barnevern” (ibid.). Den etiske kompetansen omfattar ”innsikt i etikkens grunnlagsspørsmål, evne til å utvise reflektert dømmekraft i ulike verdi- og konfliktspørsmål” (ibid.). Forvaltningskompetansen handlar om ”evnen til å utøve et juridisk og faglig skjønn ved anvendelse av loven og i saksbehandlingens ulike faser” (ibid.).

Skau (2017, 57-58) forklarer kompetanse som det å vere skikka eller kompetent til det ein gjer. Slik er kompetanseomgrepet berre kontekstuelt – det gir berre mening i forhold til noko. Til dømes ei oppgåve, ein funksjon eller ei yrkesrolle. For å få med den personlege delen av kompetansen, har ho delt inn profesjonell kompetanse i ein kompetansetrekant med delane; teoretisk kunnskap, yrkesspesifikke ferdigheter og personleg kompetanse. Desse tre aspekta heng nøye saman, påverkar kvarandre og er avhengige av kvarandre, og dei kjem til uttrykk samtidig i handlingane våre (ibid.).

Røkenes & Hanssen (2012, s. 247) forklarar det å vere profesjonell som det å klare å setje til side private preferansar og meiningar, og å ta på seg oppgåvene som yrkesrolla krev. Gjennom den personlege profesionalitet kan kvar enkelt fagperson finne sin personlege måte å fylle yrkesrolla si på. Den personlege delen av profesionaliteten gir rom for å dra nytte av eigne livserfaringar og eigen væremåte i yrkesutøvinga (ibid.).

I møte med fosterforeldre vil den kommunikative kompetansen (NOU 2009:8, 2009, s. 102) vere essensiell. Her kan ein også trekke inn relasjonskompetanse, som Røkenes & Hanssen (2002, s. 10) forklarar som å forstå og samhandle med dei personane vi møter i yrkessamanheng på ein god og hensiktsmessig måte. Dei forklarer at relasjonskompetansen også er ein viktig del av den faglege kompetansen, for å ivareta ein god dialog mellom fagperson og brukar. Fagpersonen skal bidra både til at brukaren forstår fagpersonen, men også til at fagpersonen forstår brukaren (ibid.). I denne relasjonen er tillit også ein viktig

faktor. Skau (2017, s. 35) skildrar tillit som ein grunnleggjande faktor i alle forhold mellom menneske. Ho forklarer vidare at ein kontinuerleg må gjere seg fortent til tillit, den kan ikkje vinnast ein gong for alle, og kan brått bli rive ned.

Røkenes & Hanssen (2012, s. 216-217) og Ulleberg & Jensen (2017, s. 59 – 63) forklarer kommunikasjon som ein sirkulær prosess, der partane er ein del av eit samspel der dei heile tida gir kvarandre tilbakemeldingar. Mellommenneskeleg kommunikasjon er som regel meiningsretta, noko som tyder at ein handlar ut frå bestemte intensjonar, hensikter og ønske. Når ein ikkje når fram med bodskapen sin, blir tillagt feil intensjonar eller oppnår noko anna enn ein hadde ønska i møtet med andre, oppstår det kommunikasjonsbrest. Røkenes & Hanssen (ibid.) forklarer at ein difor må sjå på intensjonane som ligg bak handlingane, korleis partane oppfattar dei andre sine intensjonar, og kva dei opplever og føler i kommunikasjonssituasjonen, når ein skal analysere mellommenneskeleg kommunikasjon. Det at barnevernet har fleire aktørar å samspele med og motstridande interesser å balansere mellom, kan vere ein mogleg årsak til utfordringar i kommunikasjonen med fosterforeldra (Backe-Hansen, Christiansen & Havik 2013, 33).

### ***Skikkethetsvurdering***

Ifølgje universitets- og høyskoleloven (2005, §4-10) skal studentar i enkelte utdanningar vurderast for om dei er skikka for yrket dei utdannar seg til. Studentar kan etter innstilling frå ei sikkerheitsnemnd, bli vedteke uskikka for yrket, og bli utestengt frå studiet (ibid.). Ifølgje forskrift om skikkethetsvurdering i høyere utdanning (2006, §1-2) gjeld skikkethetsvurderinga for mellom anna barnevernspedagog-utdanninga og sosionom-utdanninga, som er relevante for arbeid i barnevernet. Det er forklart at skikkethetsvurderinga skal avdekke om studenten har føresetnadene som er nødvendige for å utøve desse yrka. Nemnde eksempel på å ikkje vere skikka for yrket er om studenten utgjer ei mogleg fare for liv, fysisk og psykisk helse, rettigheter og sikkerheit til alle han/ho kjem i kontakt med under både praksisstudie eller framtidig yrkesutøving (ibid.).

Skau (2017, s. 151) skriv at skikkethetsvurderingar er ein kontrollreiskap mange kvir seg for å ta i bruk, i tillegg til at det er kostnadskrevjande og tek mykje tid. Denne sikrar ifølgje Skau (ibid.) difor ikkje at den personlege kompetansen blir ein integrert og prioritert del av høgare utdanning. Ho peikar på at ein treng avsett tid, egna metodar og kvalifisert

personale til å ta desse skikkethetsvurderingane, både i praksisfeltet og innanfor utdanningsinstitusjonane.

## **2.4 Oppsummering**

I dette kapitlet har eg gjort greie for rammeverk og lovverk for barnevernet sitt arbeid med fosterheimar, og for tidlegare forsking på feltet. Eg har gjort greie for korleis fosterheimar er organiserte, herunder kva som ligg i fosterheimomgrepet og fosterforeldrerolla. Vidare har eg gjort greie for korleis fosterforeldre blir førebudd på fosterheimsoppdraget, for fosterhemsavtalen og kva som inngår i denne, og for kva som inngår i oppfølginga av fosterfamiliane. Eg har lagt fram lovverket som ein må ta omsyn til i samarbeidet mellom barnevernet og fosterforeldra. Dette er dei analytiske grepa mine, som eg vil byggje vidare på i oppgåva.

## 3.0 Metode

I dette kapitlet vil eg gjere greie for metodevala mine og kvifor desse passar for mitt prosjekt. Vidare vil eg presentere korleis eg gjekk fram frå rekruttering av informantar til utføring av intervju. Eg vil også drøfte etiske omsyn, reliabilitet og validitet. Funna mine er knytt til opplevingane til dei seks fostermodrene i mitt utval, og kan ikkje generaliserast til alle fostermodrer.

### 3.1 Førforståing

All forståing av noko, er ifølgje Dalen (2013, s. 16) bestemt av ei form for førforståing. Mine eigne oppfatningar av og erfaringar med det å vere fosterfamilie, har gitt meg ei førforståing som har prega kva funn eg forventa å gjere i denne undersøkinga. I utgangspunktet hadde eg ei hovudoppfatning som gjekk på at kor vidt fosterforeldre ”står løpet ut” eller ikkje, ikkje har så mykje med oppfølginga frå barnevernet å gjer. Inntrykket mitt var at innstillinga fosterforeldra går inn med i rolla som fosterforeldre, hadde meir å seie for kor langt dei er villige til å gå, eller kor krevjande situasjonar dei er villige til å stå i. Dette var noko eg ønska å sjå nærmare på i undersøkinga mi. Dalen (ibid.) skriv at førforståinga er viktig for å utvikle forståing og for den seinare tolkinga. Det at eg som forskar er bevisst mi eiga førforståing, kan ifølgje Dalen (ibid.) hjelpe meg å vere meir sensitiv i det å sjå moglegheiter for teoriutvikling i intervjuaterialet.

### 3.2 Metodologisk tilnærming

Problemstillinga mi er retta mot informantane si oppleving av eit fenomen, noko som gjer den fenomenologiske tilnærminga passande for mitt prosjekt (Thagaard, 2013, s. 40). Ved bruk av denne kan eg fokusere på informantane si subjektive oppleving, og søke å få forståing av den djupare meiningsa bak deira erfaringar. Den fenomenologiske tilnærminga har blitt vidareutvikla av fleire kjende filosofar og er no utbreidd innan kvalitativ forsking. Her peikar omgrepene fenomenologi på interessa for forståing av sosiale fenomen ut frå aktørane sine eigne perspektiv, og å skildre verda slik den er opplevd av informantane (ibid.). Forståinga går på at den verkelege verkelegheita er nettopp den menneska oppfattar. Fenomenologien tek utgangspunkt i den subjektive opplevinga, og har som mål å oppnå ei forståing av den djupare meiningsa bak erfaringane til enkeltpersonar (ibid.) Thagaard (ibid.) forklarar at forskarar som

er fenomenologisk orienterte, skildrar dei felles trekka ved deltakarane sine erfaringar, noko som blir lagt til grunn for å kunne utvikle ei generell forståing av fenomenet vi studerer.

### **3.2.1 Semistrukturert livsverdsintervju**

Thagaard (2013, s. 17-18) skriv at målet med bruk av den kvalitative metoden er å gå i djupna og vektlegge betydning, og å framheve prosessar og meining som ikkje kan målast gjennom kvantitet eller frekvensar. Dette blir brukt i den meir målbare kvantitative metoden. Det karakteristiske med kvalitativ forsking er at ein søker forståing for sosiale fenomen, enten ved å ha ein nær relasjon til deltakarar gjennom intervju eller i felten, eller gjennom analyse av tekstar eller visuelle uttrykksformer (ibid.; Dalen, 2011, s. 15). Ein søker ei betre forståing av korleis menneske rettar seg etter sin eigen livssituasjon. Kvalitative studiar skil seg frå kvantitative også når det gjeld metodeopplegget, som i langt større grad er prega av fleksibilitet. Dette vil blant anna seie at det kan endrast underveis i takt med nye erfaringar og utfordringar (ibid.).

Forskningsintervjuet er ifølgje Kvale og Brinkmann (2015, s. 22) ein profesjonell samtale som bygg på dagleglivets samtalar. I mitt prosjekt har eg brukt det Kvale og Brinkmann (2015, s. 46) kallar det semistrukturerte livsverdsintervjuet, for innsamling av data. Kvale & Brinkmann (ibid.) forklarar at denne intervjuforma blir tatt i bruk når målet for intervjuet er å forstå tema frå dagleglivet ut frå intervjugersonen sine eige perspektiv. Eit ”semistrukturert” intervju vil verken vere ein open samtale eller ei lukka spørjeskjemasamtale, men snarare ei blanding av desse to. Med bruk av ein intervjuguide med hovudtema og tilhøyrande spørsmål sit ein med ein mal for intervjuet, utan at denne er noko som følgjast slavisk. Dalen (2011, s. 15) skriv at omgrepet ”livsverd” kjem frå filosofen Edvard Husserl, og forklarar det som kvar person si oppleving av eigen kvardag, og korleis kvar og ein rettar seg etter denne. Dette omgrepet har fokus på ikkje berre å skildre forholda personen lev under, men opplevinga av desse.

### **3.3 Rekruttering av utval**

Ifølge Tove Thagaard (2013, s. 61) kan rekruttering av informantar til ei kvalitativ oppgåve vere vanskeleg, fordi ikkje alle ønskjer å stille opp når tema omhandlar noko som kan opplevast personleg og nærgåande. Eg var heldig å møte på ein lærar ved OsloMet som sette meg i kontakt med ein kjenning som sjølv hadde vore fostermor. Ho gav meg namn på nokre

fostermødrer ho kjende til, som var villige til å stille som informantar. Vidare gav desse meg namn på fleire fostermødrer dei kjente til. Denne måten å rekruttere informantar på blir ifølge Thagaard (ibid.) kalla snøballmetoden.

Eit problem med denne måten å rekruttere informantar på er at ein kan ende opp med eit utval frå same omgangskrets, nettverk eller miljø, noko som ikkje fører til så stor variasjon i utvalet. Thagaard (2013, s. 62) forklarar at analogien med ein snøball er at ein startar i det små og at ballen veks i det den rullar vidare slik at utvalet gradvis blir utvida. Dei første fostermødrene eg intervjuar bur alle i same område, men har oppdrag frå forskjellige barnevernskontor. Likevel var inntrykket mitt at dei hadde ein del kontakt med kvarandre, og også med dei andre fostermødrene dei tipsa meg om. Noko meir variasjon var difor bra. Eg kontakta ei kvinne eg kjende til i heimkommunen som arbeider i barnevernet i ei anna kommune. Ho sat meg i kontakt med ei fostermor tilknytt dette barnevernskontoret. Eg fekk enda eit namn frå denne informantan, og slik trilla snøballen vidare.

Utvælet mitt vart slik eit såkalla tilgjengeleghetsutval (ibid.), som sikra meg eit utval som var villige til å stille i undersøkinga, og samtidig tilgjengelege. Utvælet er strategisk ved at deltakarane representerer eigenskapar som er relevante for problemstillinga mi. Det at eg enda opp med berre fostermødrer og ikkje -fedrar var tilfeldig, og ikkje noko eg hadde sett meg ut på førehand. Av namna eg hadde moglegheit til å kontakte var alle fostermødrer, og eg gjorde ikkje forsøk på å få namn på fedrar. Hadde eg intervjuar fosterfedrar i tillegg, ville eg fått med ein anna dimensjon i materialet. Kanskje ville fosterfedrar hatt eit anna perspektiv på temaet enn fostermødrene. Dette kunne slik gitt meg andre funn enn eg har fått frå fostermødrene. Det kan eg derimot ikkje seie noko om med utgangspunkt i mitt utval.

Ifølge Thagaard (ibid.) kan det vere problematisk etisk sett, om det blir oppgitt namn på moglege informantar utan at desse er informerte og har gitt samtykke til å bli kontakta. Dei av informantane mine som ga namn på fleire eventuelle informantar, gjorde dette etter å ha snakka med personane det gjaldt. Eg kunne derfor ta kontakt med dei med vissheit om at dei venta seg ein telefon. Det at eg fekk fleire namn på folk som kunne tenkje seg å stille som informantar gjorde også at eg slapp å ringje rundt meir enn nødvendig, noko som var til god hjelp i rekrutteringsarbeidet.

Thagaard (ibid.) nemner også at personar som er villige til å stille som informantar i forskingsprosjekt ofte representerer ei viss gruppe i samfunnet. Blant anna har det vist seg at

personar med høgare utdanning oftare ønskjer å stille i slike prosjekt enn personar med lite utdanning. Dette kan til dømes skyldast at personar med høgare utdanning er meir vant til å reflektere over eigen livssituasjon. I tillegg kan eit problem vere at dei som ønskjer å stille i forskingsprosjekt i større grad opplever at dei mestrer livssituasjonen sin enn dei som ikkje ønskjer å stille. Dette kan føre til ei skeivheit i informasjonen som målar eit meir positivt biletet enn det som faktisk er tilfellet (*ibid.*). Fordi mine informantar i liten grad har relevant utdanning for utføringa av fosterforelder-oppdraget, samt at dei representerer eit vidt syn på situasjonen som fosterforeldre, vil eg ikkje seie at desse ”problema” i stor grad går igjen i mitt utval. Eg har spurt dei som hjelpte meg i rekruttering av informantane om kva som var bakgrunnen for at dei gav dei namna dei gav. Svara var at dei ga namna på dei fosterforeldra dei kjende best og som var villige til å stille. Det vart også nemnt at dei ga namn på fostermødrer som hadde erfaringar dei tenkte kunne vere interessante.

### **3.4 Presentasjon av informantar**

I prosjektet deltok 6 fostermødrer frå ulike delar av landet. Eg omtaler dei som informant 1, 2, 3, 4, 5 og 6. Desse nummera er tilfeldige og ikkje knytt til rekkefølgja på intervjuet. Alle fostermødrane er i sambuarskap eller gift, og er slik fosterforeldre i par. Deltakarane har erfaring frå eit eller fleire oppdrag som fosterforeldre og representerer alle ulike kommunar frå ulike delar av landet. Dei som har erfaring frå fleire oppdrag har i desse vore knytt til forskjellige kommunar. Alle er enten framleis i oppdraget, eller avslutta oppdraget for under tre månadar sidan. Erfaringa som fostermødrer varierer frå 1,5 år til 10 år. Fem av seks informantar har biologiske barn frå før. To av desse har biologiske barn framleis buande heime, og resten av barna er vaksne og har flytta ut.

Alle fostermødrane har gjennomført PRIDE-kurset eller forgjengaren til dette i forkant av oppdraget. I tillegg til dette har informantane i ulik grad delteke på kurs i regi av barnevernet. Fleire av dei er også med i gruppeveiledninga Trygg Base, og har slik kontakt med mange andre fosterforeldre. Ingen av informantane har høgare utdanning innanfor helse- og sosialfag.

### 3.5 Etiske omsyn

#### 3.5.1 Konfidensialitet og krav til samtykke

For å få tillating til å gjennomføre forskingsprosjektet melde eg prosjektet til Personvernombodet for forsking ved Norsk senter for forskingsdata (NSD). Eg fekk tilbakemelding om at prosjektet var meldepliktig, og visse vilkår for gjennomføring av prosjektet (vedlegg 1). Her var det blant anna understreka at fosterforeldra som deltok som informantar hadde teieplikt, noko som inneber at dei ikkje skulle dele informasjon om fosterbarna dei har omsorg for. Dette var ikkje eit problem for mitt prosjekt, då det ikkje var fosterbarna som var i fokus i intervjua.

Det var også understreka at informantane skulle skrive under på samtykkeskjema tilhøyrande informasjonsskrivet. Informasjonsskrivet skreiv eg med bruk av malen frå NSD sine nettsider, og dette vart sendt inn saman med søknaden om godkjenning. Eg fekk tilbakemelding frå NSD på at informasjonsskrivet var godt utforma.

I rekrutteringsprosessen sende eg ut informasjonsskrivet med informert samtykke (vedlegg 2) til dei eg først kontakta for å få namn på moglege informantar. Med informert samtykke får deltakarane informasjon om det overordna formålet med undersøkinga, hovudtrekk i designen, samt eventuelle risikoar eller fordelar ved å delta i forskingsprosjektet (Kvale og Brinkmann, 2015, s. 104). Det er også informert om at deltakinga er frivillig, og at dei når som helst kan trekke seg frå prosjektet. Informasjonsskrivet følgde malen frå nettsidene til Norsk Senter for Forskningsdata (NSD). Ikkje alle informantane fekk informasjonsskrivet tilsendt på førehand, og det var slik ikkje mange som hadde lese det i forkant av intervjuet. Eg starta difor alle intervjua med at informantane las gjennom informasjonsskrivet før dei signerte samtykkeerklæringa (vedlegg 2).

Alle deltakarane i prosjektet er anonymiserte og berre eg som forskar har kjennskap til namna og kontaktinformasjonen deira. I transkriberinga av intervjuha har eg gitt pseudonym og elles anonymisert namn på personar og stadar og anna informasjon som kan gjere det mogleg å identifisere deltakarane (Thagaard, 2013, s. 28). Fosterbarna som deltakarane har eller har hatt omsorg for er ikkje i fokus i intervjuha, og dei er ikkje omtalt på ein måte som gjer at nokon kan kjenne dei igjen (ibid.).

## 3.6 Intervjuprosessen

### 3.6.1 Utarbeiding av intervjuguide

Dalen (2011, s. 26) skriv at bruk av ein intervjuguide er nødvendig for alle som brukar intervju som metode, og spesielt ved bruk av semistrukturerte intervju. Intervjuguiden skal bestå av sentrale tema og spørsmål som skal dekkje dei viktigaste områda studien skal belyse (ibid.). Utarbeidinga av intervjuguiden er ifølgje Dalen (ibid.) ein krevjande prosess der ein skal gjere om dei overordna problemstillingane i studien til konkrete tema med underliggjande spørsmål.

I intervjuguiden min (vedlegg 3) delte eg inn i fire overordna tema; bakgrunn, kontakt med barnevernet, råd og veiledning og oppfølging. Her tok eg i bruk det Dalen (ibid.) kallar ”traktprinsippet”, som går ut på å byrje med spørsmål som ikkje går rett på dei mest kjensleladde tema som skal belysast. Dalen (ibid.) anbefaler å starte med spørsmål av ein art som ligg meir i ”randsonen” av dei mest kjensleladde tema ein skal inn på, for at informanten skal føle seg vel og avslappa. Vidare kan ein nærmre seg dei meir sårbare og sentrale tema ein vil inn på, for så å gå tilbake til meir generelle spørsmål mot slutten av intervjuet.

Når det gjeld sjølvе formuleringa av spørsmåla, er det ifølgje Thagaard (2013, s. 103-104) fleire omsyn å ta. Ho skriv at ein først og fremst må sikre at spørsmåla ein stiller verkeleg er opne på ein måte som inviterer informanten til å fortelje, og til å kome med sine synspunkt og erfaringar. Stiller ein leiande spørsmål, som er det motsette av opne spørsmål, vil informanten kunne oppleve at der ligg visse forventningar til kva han/ho skal svare. Dette kan føre til at svara ein får ikkje er i tråd med intervjupersonens faktiske erfaringar (ibid.). I intervjuguiden min formulerte eg både spørsmål som gjekk meir på det generelle plan, samt spørsmål knytt til meir konkrete situasjonar. Thagaard (ibid.) anbefaler nettopp ein kombinasjon av generelle spørsmål og spørsmål om konkrete hendingar, for å kunne forstå intervjupersonen sine vurderingar og meininger i lys av dei konkrete erfaringane han eller ho innehavar.

### 3.6.2 Prøveintervju

Dalen (2011, s. 30) skriv at det i kvalitativ intervjustudie alltid må gjennomførast prøveintervju. I eit prøveintervju får ein testa ut alle sidene ved intervjustituasjonen, og kan gjere eventuelle nødvendige endringar som kan gjere forskingsintervjua betre. Ein kan også få

tilbakemeldingar frå personen som deltek i prøveintervjuet som kan vere nyttige i forhold til utforming av intervjuguiden og korleis ein ter seg som intervjuar. Etter gjennomført prøveintervju kan ein evaluere om intervjuguiden dekkjer godt nok dei tema ein ønskjer å dekke, eller om ein må omformulere, leggje til eller fjerne noko. I tillegg er det nyttig å teste ut bruken av det tekniske utstyret, for å sikre at ein får gode opptak av intervjuia.

Eg gjennomførte eit prøveintervju av mor mi. Ho er sjølv fostermor og utdanna vernepleiar, noko som gjorde at ho kunne svare reelt på spørsmåla eg stilte ho. Dette gjorde at ho også var godt eigna til å kome med tilbakemeldingar på formuleringa av spørsmåla, og kva spørsmål ho syntest mangla i intervjuguiden. Sidan eg uansett ikkje kunne bruke ho som informant i prosjektet, slapp eg å ”bruke opp” ein faktisk informant til prøveintervjuet, samtidig som eg fekk ta prøveintervju av ei som fylte kriteria for utvalet.

Ved å gjennomføre prøveintervju av ein person eg kjenner så godt, var der ein risiko for at det eg fekk høyre ikkje var nytt for meg, og at det slik ville vere vanskelegare å vurdere om mine spørsmål fekk fram det eg ville få fram. Eg opplevde derimot at det å stille meir direkte spørsmål gav svar eg ikkje hadde forventa å få, sjølv frå mor mi, om ein situasjon eg trudde eg var godt kjend med. Eg hadde difor god nytte av dette prøveintervjuet i ferdigstillinga av intervjuguiden.

### **3.6.3 Gjennomføring av intervju**

Alle intervjuia vart gjort heime hos intervjupersonane. Det var få av intervjupersonane eg hadde hatt så mykje kontakt med på førehand, og det var difor litt spennande før kvart intervju korleis det kom til å gå. Alle intervjuia vart gjennomførte på dagtid, og mange av intervjupersonane var difor heime aleine. Vi fekk sitje aleine og stort sett uforstyrra alle stadane, noko som bidrog til gode samtalar med få avbrot. Vi kom relativt raskt i gong med intervjuet med opptakar på alle stadane. Dette anbefaler Dalen (2011, s. 34), for å unngå at intervjupersonane kjem med interessante utsegn i den uformelle samtalens som går føre seg utanom opptaket.

Thagaard (2013, s. 106) skriv at intervjuaren under intervjuet kan kome i eit dilemma mellom det å skulle følgje intervjuguiden ”slavisk”, det å stille spørsmål om tema som kjem opp undervegs, og det å utdjupe tema som intervjupersonen bringer opp. Her peikar Thagaard (*ibid.*) på at intervjuet vil bli prega av korleis intervjuaren forstår intervjupersonens reaksjonar og tolkar situasjonen. Det var forskjellig frå intervju til intervju kor mange av spørsmåla det

var behov for å stille, fordi det varierte i kva grad informantane kom inn på spørsmåla på eige initiativ. I nokre tilfelle stilte eg spørsmåla til tross for at intervjugersonane hadde vore inne på tema, for å sjå om dei hadde meir å seie. Slik var intervjuguiden meir som ein mal for kva emne eg ville dekkje i intervjuet, framfor ei streng oppskrift på korleis intervjuet skulle gjennomførast. I nokre tilfelle verka det som informantane kom på meir når dei fekk eit konkret spørsmål, framfor når dei fortalte på eige initiativ.

Eit anna mogleg dilemma Thagaard (*ibid.*) nemner er når intervjuaren på den eine sida skal ha ei god, lyttande haldning, samtidig som ein på den andre sida skal initiere for å føre intervjusamtalen vidare. Som intervjuar opplevde eg ikkje at intervjugersonane ”snakka seg vekk” på ein slik måte at dei i stor grad tok opp ting som ikkje var relevant for mi undersøking. Intervjua hadde heller ikkje så lang varigheit at eg følte behov for å vere så streng med å halde svara innanfor mine konkrete spørsmål. Dette ville eg heller unngå, for å ikkje risikere at intervjugersonane skulle halde tilbake informasjon som kunne vere interessant, i den tru at den skulle vere overflødig. Eg forsøkte å vere ein god lyttar ved å vise interesse gjennom blikk, ikkje-verbal kommunikasjon og verbale kommentarar, for å oppmuntre intervjugersonen til å ville fortelle om seg sjølv og sin situasjon, slik Dalen (2011, s. 33) forklarer.

Det var stor variasjon i kor mykje som kom fram på kvart intervju, noko som var naturleg med tanke på at intervjugersonane hadde svært ulike opplevingar å fortelje om. Eg opplevde at alle intervjugersonane var lette å snakke med og kvart enkelt intervju var eit godt bidrag til prosjektet. Nokre av intervjugersonane viste ei stor interesse for temaet eg skriv om, og det verka som dei hadde gjort seg ein del tankar om det på førehand, noko som gav godt engasjement i intervjusamtalen.

### **3.7 Analysearbeidet**

#### **3.7.1 Transkripsjon**

Kvale & Brinkmann (2015, s. 204-205) skriv at å transkribere tyder å transformere, å endre frå ei form til ei anna. Transkripsjonar er omsetjing frå talespråk til skriftspråk og utforminga av desse krev mange vurderingar og avgjersler. Talespråket og skriftspråket er svært ulike i si utforming, noko som gjer at fleire element kan gå tapt i overgangen frå munnleg tale til skriftleg tekst. Her nemner Kvale & Brinkmann (*ibid.*) blant anna ironi som eit eksempel på

element i språklege bodskap som går vekk i overgangen til skriftleg tekst. Ein får heller ikkje fanga opp kroppsspråket til intervjupersonane gjennom intervju som blir tekne opp på lydopptak og deretter transkribert. Kvale & Brinkmann (*ibid.*) oppsummerer transkripsjonar som ”svekkede, dekontekstualiserte gjengivelser av direkte intervjusamtaler.”

Transkripsjon av intervju frå munnleg til skriftleg form, gjer materialet strukturert og slik betre eigna for analysen (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 206-207). Eg transkriberte intervjumaterialet mitt sjølv. Kvale & Brinkmann (*ibid.*) skriv at forskaren når han/ho transkriberer sjølv, til ei viss grad vil gjere seg tankar om sosiale og emosjonelle aspekt ved intervjusituasjonen, og slik byrje å tenkje på meiningsanalysen allereie i denne fasen. Transkripsjonen gav meg ei grei oversikt over materialet eg hadde, og visse tankar om kva tendensar eg såg. Det var slik ein fin inngang til meiningsanalysen.

Når det gjeld sjølve formuleringane i transkripsjonen av intervjeta, peikar Kvale & Brinkmann (2015, s. 208) på at kor mange dimensjonar av den munnlege talen ein tek med, avheng av kva for analyse ein skal gjere av materialet. Skal ein gjere språkleg analyse, vil det vere viktigare å få med til dømes pausar, intonasjonsmessige understrekningar og kjensleuttrykk, enn om ein i hovudsak er ute etter intervjupersonens historier. Fordi eg ikkje hadde plan om å gjere språkleg analyse av mine intervju, unnlæt eg å ta med alle detaljar i forhold til lydord, pausar osv. Eg har derimot teke med gjentakingar av småord og pausar, der eg har oppfatta det som ein naturleg del av bodskapen i det som blir sagt. Eg har transkribert både intervjuar og intervjuperson si stemme, for å få med kva intervjupersonen svarar på.

### 3.7.2 Kategorisering og identifisering av mønster

I første fasen av analysen las eg gjennom dei transkriberte intervjeta fleire gongar for å gjere meg kjend med materialet. Thagaard (2013, s. 158) skriv at det å vere fortruleg med innhaldet i dataet før ein set i gong med å dele det inn og klassifisere, er viktig for å sjå samanhengar mellom ulike mønster. Det er også anbefalt å ha sikkerheitskopiar på materialet, for å vere sikker på at ein ikkje mister verdifull data (*ibid.*). I arbeidet med kategorisering av intervjumaterialet mitt var eg nøyne med å lage nye dokument for kvart steg, for å ha moglegheita til å gå tilbake om noko vart feil eller uklart undervegs. Eg hadde fargekodar på dei ulike intervjeta, for å ha kontroll på kven av informantane som hadde sagt kva etter kvart som utsegna vart blanda saman under ulike kategoriar.

I det neste steget i analysen sette eg opp kategoriar ut frå inntrykket eg hadde gjort meg av datamaterialet. Kvale og Brinkmann (2015, s. 226-228) forklarer at kategoriseringa er ei meir systematisk omgrepssdanning rundt eit utsegn som skaper føresetnader for kvantifisering. Kategoriane ein tek i bruk kan både vere utvikla på førehand, eller kan ha kome til undervegs. Dei skal brukast for å gi betre oversikt over intervjugumaterialet (ibid.). Eg hadde intervjuguiden som utgangspunkt for kva kategoriar eg nytta. Eg starta med fleire kategoriar som var til hjelp i å få oversikt over og betre innsyn i meiningsinnhaldet i materialet mitt (Thagaard, 2013, s. 160). I første omgang plasserte eg utsegn under fleire kategoriar, om dei kunne passe inn fleire stadar. Dette for å unngå å oversjå noko av meiningsinnhaldet i denne tidlege fasen. Eg laga eigne dokument for kvar av kategoriane for å lettare kunne ta for meg ein og ein. Etter kvart som eg arbeidde meg gjennom materialet vart det naturleg å endre på og skrive saman nokre av kategoriane. Thagaard (2013, s. 160) understrekar viktigheita av fleksibilitet i denne prosessen, for å kunne gjere endringar undervegs. Fleksibiliteten ivaretakast ved at ein endrar på kategoriane i tråd med at forståinga endrast. Samtidig luka eg vekk det som ikkje var av relevans for problemstillinga mi, eller som eg ikkje hadde nok materiale til å kunne seie noko om. Det var i denne fasen eg bestemte meg for å ikkje ta med temaa samvær og avlastning. Desse var ikkje dekka i intervjuguiden, og det slik var tilfeldig i kva grad informantane kom inn på dei. Som følgje av dette vurdere eg at eg hadde for lite datamateriale til å kunne seie noko interessant, og at det difor var betre å fokusere på det eg kunne seie meir om.

I neste steg jobba eg med å tolke datamaterialet og å knytte inn teoretiske omgrep til kategoriane. Thagaard (2013, s. 167) forklarer dette som ei rekontekstualisering. Dette gjorde eg ved å reflektere over korleis teksten kunne forståast, og å finne dei orda og omgrepene som best uttrykte meiningsinnhaldet. Corbin & Strauss (2008) skildrar dette som sjølve kjernen i kvalitativ analyse. Eg opplevde at skriveprosessen var nyttig i det å få djupare innsikt i og forståing av materialet mitt. Eg las og skreiv meg gjennom materialet i fleire omgangar, og såg fleire samanhengar undervegs. Det vart naturleg å gjere små endringar for kvar gjennomgang av materialet, og slik var sjølve skriveprosessen ein viktig del av analysen. Til slutt enda eg opp med dei følgjande overordna kategoriane; førebuing til fosterheimsoppdraget, opplæring, veiledning og kompetanse, og oppfølging.

## 3.8 Metodekritikk

### 3.8.1 Reliabilitet og validitet

Forskningsprosjektets reliabilitet har med forskningsresultatets konsistens og truverd å gjere, og vurderinga av reliabiliteten går på om ei kritisk vurdering av prosjektet gir inntrykk av at forskinga er utført på ein måte som er påliteleg og tillitsvekkande (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 276; Thagaard, 2013, s. 201). Reliabilitet blir ofte behandla i samanheng med spørsmålet om andre forskarar kunne ha kome fram til det same resultatet på eit anna tidspunkt med den same forskingsmetoden. Har forskaren påverka intervjugersonane på ein måte som gjer at dei kanskje hadde svara annleis til andre forskarar (*ibid.*)? Validiteten av forskningsprosjektet går på om tolkingane vi har gjort er gyldige i forhold til verkelegheita vi har studert, og om vi har målt det vi trur vi har målt (Thagaard, 2013, s. 205; Kvale & Brinkmann, 2015, s. 276). Om vi har fått svar på problemstillinga.

Thagaard (2013, s. 202) forklarer at prosjektets gjennomsiktigkeit er med å forsterke både validiteten og reliabiliteten i forskinga. Gjennomsiktigkeit i forskningsprosjektet oppnår ein ved å gi ei detaljert skildring av forskingsstrategien og analysemetoden ein har brukt for å kome fram til resultata sine (*ibid.*). Eg har forsøkt å vere så nøyaktig som mogleg i forklaringa av korleis eg har gått fram både i intervjugosessen og i analysen av materialet mitt. Dette håper eg har ført til ei gjennomsiktigkeit i prosjektet mitt. I framlegg av funna eg har gjort, har eg fokusert på å sitere informantane mest mogleg direkte, framfor å gjengi formidlingane deira med mine eigne ord. Dette gjer at utsegna deira i mindre grad er farga av mine tolkingar.

### 3.8.2 Etiske aspekt

I analysen av datamaterialet har eg som forskar eit ansvar for å ivareta informantane sin integritet, då deltakarane ikkje har noko innflytelse på denne fasen av forskningsprosjektet (Thagaard, 2013, s. 121). Dette har eg sikra blant anna ved å bruke direkte sitat i presentasjon av funna mine, som tidlegare nemnt. Fordi eg har omtala informantane på ein verdig måte, er det mogleg for dei å lese oppgåva i ettertid. Samtidig har eg sikra informantane sin anonymitet, blant anna ved å unnlate å oppgje biografisk informasjon som alder og bustad, som kan gjere dei identifiserbare (Thagaard, 2013, s. 226).

Som nemnt tidlegare har eg tatt vekk noko av datagrunnlaget, meir spesifikt det som gjekk på samvær med biologiske foreldre og samarbeid med desse, og informantane sine

avlastingsordningar. Desse områda var ikkje dekka av intervjuguiden min, og eg hadde difor ikkje nok datamateriale til kunne seie så mykje om dei. Å ikkje ta nytte av heile datagrunnlaget er eit etisk dilemma i forskingssamanheng. Har eg for eksempel utelate noko av datamaterialet for å få frå eller skjule synspunkt? Eg meiner at ved å ta bort to heile emne, har eg ikkje gått i denne fella.

### **3.8.3 Tilbakeblikk**

I arbeidet med ei stor oppgåve slik som denne, er det naturleg å lære meir og gjere oppdagingar undervegs, noko som gjer at ein kanskje ser tematikken frå nye perspektiv etter kvart. Dette kan gjere at ein ser ting ein ville gjort annleis om ein skulle gjennomført heile prosjektet på nytt. Vidare vil eg reflektere litt over kva eg sjølv kunne gjort annleis.

Eg ser i ettertid at eg skulle stilt fleire oppfølgingsspørsmål i gjennomføringa av intervjeta mine. Eg ser også at eg kanskje ville utarbeida intervjuguiden på ein litt annan måte om eg skulle laga den no, etter å ha fått djupare innsikt i tematikken. Eg har tenkt på at det til dømes kunne vore nyttig å følgje oppbygginga av fosterhjemsavtalen, og spørje meir direkte opp mot punkta i denne. Samtidig har eg, som tidlegare poengtert, kunne dra nytte av å sjå på tematikken utan å vere prega av barnevernsida si oppfatning av saka.

I det vidare arbeidet med oppgåva har det vore ei utfordring å stole på seg sjølv og vala eg har tatt. Eg skulle ofte ønskje at nokon kunne fortelje meg kva som var rett eller feil å gjere, men har etter kvart innsett at det ikkje alltid fins ein fasit for kva som fungerer best. Det har vore ein prosess å tote å stole meir på mine eigne vurderingar, der gode tilbakemeldingar har vore nyttige for å vurdere kva som fungerer og ikkje.

## 4.0 Presentasjon av funn

Her vil eg presentere funna eg har gjort innanfor kategoriane; førebuing til fosterheimsoppdraget, opplæring, veiledning og kompetanse, og oppfølging. Kategoriane er delt inn i fleire underpunkt som gir ei betre oversikt over materialet. Under kvart punkt vil eg gjengi kva som har kome fram av intervjua. Drøftinga av kvart punkt vil eg ta føre meg i neste kapittel.

### 4.1 Førebuing til fosterheimsoppdraget

Fostermødrene har ulike forklaringar om bakgrunnen for at dei valte å bli fosterforeldre. Nokre fortel at dei såg annonse i avisene om PRIDE-kurs, og slik kom på tanken. Andre fortel om slektingar som har vore fosterforeldre, og at dette gav dei ideen. Fleire av fostermødrene forklarar også at dei er glad i barn, at dei opplevde å ha ressursane til å kunne ta imot eit barn og at det å kunne hjelpe gir dei mykje tilbake. Informant 4 fortel:

Eg er veldig glad i barn og eg brenn for å hjelpe. Ja. Men eg føler det gir meg veldig mykje glede. Men det er veldig mykje utfordringar også sjølvsagt.  
Men eg ser at det går i positiv retning og då gir det meg mykje glede tilbake  
(informant 4).

#### 4.1.1 PRIDE-kurs

Alle fostermødrene eg intervjuha hadde delteke på PRIDE-kurs eller forgjengaren til dette i forkant av plasseringa. Nokre av dei tok kurset litt som ein ”start” og var først besøksheim ei periode, før dei etter kvart bestemte seg for å bli fosterheim. Mange uttrykkjer at dei opplevde å få god læring av PRIDE-kurset. Informant 6 skildrar kurset slik:

Ja, eg følte at eg lærte veldig mykje. Eg husker at eg fekk ein del sånne aha-opplevelingar også. På det PRIDE-kurset. Men det er klart at vi var jo på samlingar i helgene. Altså frå laurdag til søndag og sånn. Så det var jo veldig sånn, det var ikkje ein kveld då og då liksom, så det var litt helgar. Men eg følte at det var, at PRIDE-kurset var bra ja (informant 6).

#### **4.1.2 Fosterhjemsavtalen og informasjon i forkant**

Alle fostermødrene skrev under på fosterhjemsavtalen, jamfør kap. 2.2, i forkant av plasseringa. Fostermødrene har ulik oppleving av kor god informasjon dei fekk om fosterbarnet i forkant av plasseringa. Informant 1 og informant 2 uttrykkjer at informasjonen ikkje var god nok, men har forståing for at barnevernet sjølve ikkje alltid kjenner barna før plasseringa. Informant 3 og informant 6 opplevde å få god informasjon i forkant. Informant 5 vart fosterheim etter ei hasteflytting, og forklarer at det skjedde fort og at dei difor ikkje fekk så god informasjon. Informant 4 har frå to plasseringar erfaring både med å få svært god informasjon og å ikkje få rett informasjon om omfangset av fosterbarnets hjelpebehov.

Informant 2 formulerer seg slik:

Samtidig så kan eg forstå at det ikkje alltid er så lett heller. For dei kjenner jo heller ikkje barnet. No hadde (barnet) vore i beredskapsheim i 9 månadar. Frå beredskapsmor og beredskapsfar så fekk vi veldig god info. Ja, og hadde i ei tid etter at han kom hit også veldig god kontakt. Det var eit privat initiativ vi tok. For at (barnet) også ville, etterspurte det. For han var veldig glad i beredskapsmor (informant 2).

Informant 4 har erfaring frå to plasseringar og hadde ulik oppleving av informasjonen ho fekk i forkant. Ho skildrar det slik:

Denne gongen er eg svært tilfredstilt med oppfølging og sånn, og med opplysninga, men ikkje frå første gongen. Då var det underheldt, eller ja halde unna opplysninga da. Og då blei det liksom feil, veldig feil. Ettersom eg har eit biologisk barn her frå før. Så hadde det barnet altfor store utfordringar og var svært skada, i forhold til å kunne bo i ein heim med små barn (informant 4).

at fosterbarnet i denne situasjonen hadde mykje meir omfattande problem enn ho først fekk beskjed om, er ho klar på at ho hadde stått i det om ho ikkje hadde hatt eigne barn buande heime:

Så eg tenkte at, hadde eg vore aleine og ikkje hatt den (alder) gamle sonen så hadde eg stått i det. For eg er ganske sta, men, men, eg har jo ein familie frå før. Og det gjekk liksom på bekostning av veldig mykje da (informant 4).

Ho fortel at det ikkje var ei enkel avgjersle for ho: ”Og det var ei stor sorg, fordi at eg var veldig glad i guten” (informant 4). Ho følte at det betydde svært mykje for ho, men opplevde ikkje at det betydde like mykje for barnevernet: ”Ikkje sant for meg så betyr det veldig mykje, men for dei så følte eg det var berre eit nummer i rekka” (informant 4).

Informant 6 opplevde at barnevernet var svært dyktige å informere:

Det skal, det skal dei ha. Dei var utrulig, og det seier eg ofte, dei var utruleg dyktige på info, ja, informere oss. Eg har aldri i ettertid sitte og sagt at eg har gått på ein smell for eg visste ikkje kva det var. Dei var kjempedyktige på å førebu oss på det her. Men om det var at jenta vår kom frå ein barneheim, det veit eg jo ikkje (informant 6).

Ho peikar på at fosterbarnet hadde budd i barneheim først, og spekulerer i om det kan ha ført til at informasjonen var så god som den var.

## 4.2 Opplæring, veiledning og kompetanse

### 4.2.1 Kurs

Fostermødrene har alle delteke på fleire kurs i regi av barnevernet, utover PRIDE-kurset dei tok i forkant av plasseringane. Informant 2 og informant 5 fortel at dei sjølve har etterspurt tilbod om kurs. Informant 1, informant 3, informant 4 og informant 6 forklarar at barnevernet har gitt dei tilbod om kurs. Informant 3 og informant 6 fortel at dei gjekk meir på kurs i starten av oppdraget enn dei har gjort dei siste åra.

Informant 3 fortel om kurs ho har vore på:

Men vi hadde kurs i forhold til det med fosterbarn og, ja eg huskar ikkje heilt alt da.

(...) Men i alle fall sånne forskjellige kurs som dei tilbyr, barnevernet da. Ja. Første året var vi ganske aktive, og så har vi dabba litt av (informant 3).

Informant 5 spurte sjølv om å få delta på kurs då ho hørte om eit kurs som kunne vere relevant for ho. Deltakinga var slik på eige initiativ:

Eg etterlyste jo det, og var jo, spurte etter kurs og sånn da. (...) Eg var på eit kurs som eg fekk, som eg fekk høre av nokon andre, som eg fekk hørt meg om ”kan eg få vere med?” (informant 5).

Informant 6 fortel at ho har fått gått på dei kursa ho har ønska å gå på: ”Eg føler at eg har fått lov å gå på dei kursa som eg på ein måte har ønska, og det har vore noko å få inn som eg har takla ting.” Her siktar ho til at kursa har hjelpt ho å take rolla som fostermor.

Informant 4 opplever at barnevernet er på tilbodssida når det gjeld deltaking på kurs: ”Og blitt anbefalt, eller eg har blitt anbefalt og spurt om eg har lyst å gå på kurs. Så dei er veldig på tilbodssida” (informant 6).

Informant 2 fortel at ho har vore på fleire kurs og opplever at ho har lært av desse:

For eg har jo vore på nokre kurs som eg har fått via barnevernet. Blant anna av Joakim Haarklou, ein psykologspesialist. Og det har jo vore heilt fantastisk. Ting eg har lært og så fell ting mykje meir på plass (informant 2).

Informant 1 fortel at ho ikkje har vore på så mange kurs, men opplever at barnevernet er særskilt opne for at ho kan delta på både kurs og fosterheimssamlingar:

Og det er liksom ikkje nei heller. No har ikkje eg tatt, no har ikkje vi vore på så mykje kurs, men sånn at vi drar inn på. Når vi drar inn i (stad) også, der er jo sånn fosterheimssamling kvart år. Og det er jo liksom ikkje, det er jo klart dokke skal få lov

til å fare. Så eg føler at barnevernet er veldig grei sånn da. At viss det er noko kurs vi vil på så, ja, då får vi gjere det (informant 1).

Informant 2 fortel at det har teke tid før dei har fått det dei har etterspurt: ”No er dei heilt på tilbodssida. No skal vi ha et flott kurs, vi er tilbudd fleire kurs, vi, (mann) blir frikjøpt frå jobben, det er ikkje måte på” (informant 2). Informant 2 fortel at haldninga frå barnevernet har endra seg og at tilbod om kurs no er mykje meir aktuelt enn det var tidlegare. Dei har også med i fosterhjemsavtalen at dei har rett på kurs: ”Fire gongar i året står det i avtalen vår då vi kan gå på kurs. Som har med vern av barn å gjere. Fire døgn.” (Informant 2).

#### **4.2.2 Veiledning – ulike tilbod**

##### ***Behov for veiledning***

Fostermødrene uttrykkjer ulike syn på behovet for veiledning frå barnevernstenesta. Informant 2, informant 4, informant 5 og informant 6 har gruppeveiledning gjennom Trygg Base, der dei får moglegheit til å dele erfaringar med andre fosterforeldre. Informant 1, informant 3 og informant 5 seier at dei har behov for veiledning frå barnevernet, blant anna opp mot kvardagssituasjonar. Informant 4 har sjølv bedt om veiledning frå Barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk (BUP) for at fosterbarnet skal få hjelp frå dei rette fagpersonane. Informant 2 og informant 6 fortel ikkje om eit behov for veiledning frå barnevernet på same måte som dei andre fostermødrene.

Informant 6 opplever ikkje å ha hatt eit behov for veiledning nettopp frå barnevernet, men fortel korleis behovet for veiledning har blitt dekka på andre måtar:

Har nok faktisk ikkje følt at eg har hatt noko veldig behov for veiledning frå barnevernet. (...) Vi har eigentleg, så det har ikkje vore noko behov for noko sånn veldig nært samarbeid på den måten. (...) Men vi har vore veldig heldige og hatt eit stabilt og godt besøksheim. Og ho har ein veldig kompetanse på det her (informant 6).

Informant 6 skildrar besøksheimen som god i forhold til kompetansen som trengs for situasjonen for deira fosterbarn, noko som har vore til god hjelp for dei.

Informant 3 fortel at det kan gå lang tid mellom kvar gong ho snakkar med saksbehandlaren, alt etter når ho har behov for støtte og veiledning: ("Ja, det kan gå lang tid mellom kvar gong, men plutselig så er der behov for meir prat, og støtte og veiledning" (informant 3)).

Informant 2 opplever at behovet for veiledning opp mot praktiske utfordringar i barnets situasjon har vore større enn knytt til barnets åtferd: "Når det gjeld å takle (fosterbarn) tenkjer du eller? Dei praktiske utfordringane har vore større" (informant 2).

Informant 5 opplevde at behovet for veiledning var størst i dei daglege situasjonane:

Veldig mykje går jo av seg sjølv, ikkje sant. Veldig mykje, kvardagar som er heilt greie. Altså.. Og vi, men det er dei gongane du står i ting, altså kor du då på ein måte treng å snakke med nokon der og då, og er, skal vi gjere det sånn, skal vi gjere det sånn, altså kva er riktig, kva.. Kan eg setje ei grense, kan eg, ikkje sant? (informant 5)

Informant 3 fortel at ho har følt behov for veiledning når det kjem til situasjonar der normer og reglar kan vere forskjellige i hennar hus kontra fosterbarnets tidlegare heimar:

Når eg har vorte usikker på, altså dette her med, vi har jo våre normer og reglar som vi har i dette hus. Og når dei kjem og kanskje har hatt andre normer og reglar, så blir eg litt usikker på kva.. Når det skjer noko ekstraordinært som, ja gravferder eller konfirmasjonar eller fødselsdagar og sånne ting.. (informant 3)

Informant 4 bad sjølv om at fosterbarnet måtte inn på BUP fordi han trengte profesjonell hjelp:

Nei eg har bedt om det sjølv. At guten må inn på BUP. Eg er jo berre fostermamma heldt eg på å seie. Eg kan bidra med den omsorga og sånn, men han treng profesjonell hjelp, frå fagpersonar da. og det har han jo fått (informant 4).

Informant 3 skildrar korleis ho opplever at forholdet til barnevernet bør vere med tanke på veiledning:

Eg trur det er viktig å ha eit godt og ope forhold til barnevernet. Dei kuratorane du har med å gjere. Å vere ærleg og, ja, og ha ein, ei utblåsing, ha moglegheit til å ha utblåsingar. Utan at dei føler at det er personleg. (...) For som eg seier det er viktig å få tømt seg. Å gå rundt med bekymringar eller irritasjonar eller sånne ting, då knyt ein seg berre meir og blir berre verre og verre (...) Så det er viktig at dei hører på oss og ja, rettleier oss med å seie at dei hører oss (informant 3).

### **Trygg Base**

Informant 2, informant 4, informant 5 og informant 6 fortel at dei har delteke og deltek på Trygg Base, og opplever desse samlingane som nyttige. For nokre av dei er dette den einaste veiledninga dei har fått tilbod om frå barnevernet, og det er den dei nemner når eg spør om veiledning. Dei har mykje positivt å seie om denne veiledninga.

Informant 2 opplever å ha fått meir ut av Trygg Base-veiledninga enn av veiledning med kontaktpersonar i barnevernet:

Men det har jo blitt sånn eg sa at, eg har jo vore med en del i trygg base, du veit kva det er? Ja. Og vi er, vi har ein privat trygg base som er, via nokre fostermodrer i (stad) og (stad) som møtest slik, ja når vi føler at det er.. For det er jo konfidensielt, ein konfidensiell arena ikkje sant. Vi er nesten slik, det har nesten blitt slik at om vi ikkje hører frå dei (barnevernet) så er det like greitt (informant 2).

Informant 4 har også delteke på Trygg Base og skildrar det som givande: ”Og så har eg gått på sånn Trygg Base. I etterkant. Og det er veldig givande” (informant 4).

Informant 6 fortel også om deltaking i Trygg Base, og det kan verke som det er det ho forbinder med veiledning frå barnevernet: ”Så har vi hatt veiledning ein gong i månaden som barnevernstenesta då har arrangert, kor du treff fleire og du har fagdagar og..” (informant 6).

Informant 2 gir uttrykk for at ho synest det er betre å snakke med andre fosterforeldre enn å snakke med barnevernet. På spørsmål om dette svarar ho: ”Ja, og det er ikkje sånn det skal vere” (informant 2).

### ***Veiledning frå barnevernet***

Utover tilboden om veiledning gjennom Trygg Base, fortel informant 2 og informant 5 at dei ikkje opplever at behovet for veiledning er dekka. Informant 1 og informant 3 opplever at dei er fornøgde med veiledninga dei får frå barnevernet. Informant 4 er særstilt nøgd med sitt tilbod om veiledning gjennom BUP og barnevern. Informant 6 har ikkje opplevd å få god veiledning frå barnevernet dei siste åra, men har sørgra for å få veiledning andre stadar.

Informant 5 fortel også at ho var nøgd med veiledninga dei fekk i byrjinga av plasseringa: ”I byrjinga så var det det. Då syntes eg at det var veldig bra. Det må eg seie” (informant 5).

Informant 6 fortel også at ho i starten av plasseringa var svært tilfredstilt av tilboden frå barnevernet:

Og eg har fått kjempeoppfølging i frå den barnevernstenesta. Eg har vore kjempefornøgd i alle dei åra i forhold til veilending, eg har vore på veiledning, kurs og alt. Og det er antakelegvis derfor vi har stått i det så lenge også. Fordi at vi føler at vi har blitt ivaretatt og dei har sett alt vi har gjort (informant 6).

Informant 3 fortel at ho har hatt gode samtalar med barnevernet og opplever at ho har blitt høyrt:

Det har.. Ja eg har blitt høyrt og eg har blitt snakka med, skulle eg til å seie. Og eg har fått sagt mitt og dei har fått sagt sitt, og så kjem vi til ei eine. Det trur eg er, har vore veldig gjengs i alle samtalar vi har hatt da. Så det.. Eg synest dei har vore kjempeflinke. Eg skryt berre av dei for eg er så glad i dei (informant 3).

Informanten opplever å ha kome til eine med barnevernet i samtalane dei har hatt om situasjonar ho har vore usikker på.

Informant 2 fortel at dei har fått veiledning når dei har etterspurt. Ho opplever at barnevernet burde vere meir i forkant og vere meir på tilbodssida:

Vi har jo fått det når vi har etterspurt. (...) Eg syns kanskje at barnevernet burde ha vore litt meir i forkant. Og det høyrer eg at fleire kommunar er. Enkelte fosterforeldre seier jo det er jo så deilig for dei er i forkant av oss, dei nesten forstår våre utfordringar og problem. Og les oss godt. Vi følte at heile tida er det vi som er på tilbodssida, heile tida er det vi som har etterspurt (informant 2).

Informant 5 fortel at ho hadde tilbod om veiledning på BUP i forbindelse med at fosterbarnet hadde oppfølging der:

Via BUP så fekk vi lov til å, eg fekk ein person eg kunne snakke med der. Så, når jenta hadde time på BUP så hadde eg av og til også ein time samtidig, der eg snakka med ein annan person. (...) Så eg kunne fortelle korleis kvardagen hadde vore, ikkje sant. Og korleis eg opplevde ting, og også sånn viss eg hadde problem (informant 5).

Undervegs i intervjuet med informant 6 kjem det fram at forholdet til barnevernet har endra seg undervegs, og at ho ikkje ser på moglegheitene for veiledning på same måte lenger. På spørsmål om å spørje barnevernet om råd i vanskelege situasjonar på noverande tidspunkt, fortel informant 6:

Eg er i ein situasjon no eg, som eg lurer på om eg taklar, i forhold til kjæraste og sosiale media og sånt. Nei barnevernstenesta er, det kan eg berre gløyme, å spørje barnevernstenesta om råd. Hadde eg ikkje hatt den vidaregåande skulen kor den jenta er, så hadde jo ikkje det her gått (informant 6).

Informant 6 uttrykkjer at ho ikkje ser noko hjelp i å spørje barnevernet om råd, men heller støttar seg til den vidaregåande skulen fosterbarnet er knytt til. Ho nemner også at ho har funne god støtte i besøksheimen til jenta: ”Men vi har vore veldig heldige og hatt eit stabilt og godt besøksheim. Og ho har ein veldig kompetanse på det her” (informant 6).

#### **4.2.3 Kompetanse og skikkethet**

Når det kjem til saksbehandlarane sin kompetanse i å gi veiledning, har fostermødrene ulike opplevingar av kor god denne er. Informant 2, informant 5 og informant 6 opplever ikkje at saksbehandlarane har rett kompetanse i å gi veiledning opp mot deira situasjon. Informant 6 opplevde derimot at den første saksbehandlaren som følgde dei opp, hadde god kompetanse. Informant 1, informant 3 og informant 4 opplever at deira noverande saksbehandlarar har rett kompetanse til å kunne gi nødvendig veiledning.

Informant 2 opplever at saksbehandlarane ikkje alltid har den kompetansen dei burde ha for å kunne gi veiledning opp mot hennar situasjon: ”Eg syns når eg spør direkte så syns eg ofte at dei.. Eg syns det.. Eg trur ikkje dei er fagleg dyktige alltid. Eg trur ikkje dei innehavar den kompetansen dei eigentleg burde ha” (informant 2). Ho seier at ho heller ikkje trur det gjeld berre for hennar særskilte situasjon, men også meir generelt: ”Sånn generelt trur eg. Ikke berre oss og vårt fosterbarn, eg trur det har, det verkar for amatørmessig rett og slett. For tilfeldig” (informant 2).

Informant 6 svarar kontant nei på spørsmål om ho opplever at saksbehandlaren i barnevernet har rett kompetanse til å kunne gi ho veiledning. Dette rettar ho mot den noverande saksbehandlaren. Ho forklarer vidare:

Eg føler ikkje at dei, saksbehandlaren i barnevernstenesta har den.. Og ei, ho første som eg seier ho, kan eg seie, ho hadde den kompetansen. Og så har det vore innom eit par veldig unge som akkurat var ferdigutdanna, som har vore kjempeålreit. Men så føler eg ikkje at, det er ingen som har bidrige med noko der (informant 6).

Informant 6 opplever ikkje at dei ulike saksbehandlarane har tilført noko når det kjem til veiledning.

Både informant 1 og informant 3 uttrykkjer at dei opplever at saksbehandlarane deira har rett kompetanse til å kunne rettleie dei. Informant 3 seier det slik: ”Det har dei. I alle fall dei som eg har hatt med på, frå den heimkommunen hans” (informant 3). Informant 1 fortel om eit svært tett samarbeid med sin saksbeandler og at ho har fått dekka behovet ho har hatt for veiledning.

Informant 2 snakkar også om det å vere personleg eigna for jobben i barnevernet:

Ein lærer ikkje alt av å gå på skule. Ein gjer ikkje det. Men fagleg, mykje meir fag trur eg må inn. Men også personane, det hjelp ikkje om du har fantastiske resultat frå høgskulen innan barnevern, viss du ikkje har ei menneskeleg god side ved deg.

Empati, du må ha evna til å lytte. Vanleg folkeskikk og være ærleg. Ja. Viss du ikkje innehavar det så har du ikkje noko i barnevernet å gjere (informant 2).

## 4.3 Oppfølging

### 4.3.1 Oppfølginga generelt

Fostermødrene har forskjellige erfaringar med og oppfatningar av den generelle oppfølginga frå barnevernet. Informant 2 har ikkje vore fornøgd med oppfølginga, men synest no at det byrjar å bli betre. Informant 1, informant 3 og informant 4 er generelt fornøgde med oppfølginga. Informant 1 og informant 4 har også opplevd å ikkje vere fornøgd i tidlegare oppdrag. Informant 5 og informant 6 var svært fornøgde med den første saksbeandleren, men har ikkje vore fornøgde med dei påfølgande saksbeandlerane. Alle fostermødrene viser et stort engasjement til oppdraga dei står i. Dei uttrykkjer alle at det kan vere utfordrande problemstillingar dei møter på, men alle er tydelege på at det skal mykje til for at dei hadde gitt opp.

Informant 2 opplever at det no ser ut til at dei får tilbod om den oppfølginga dei har behov for. Dette er etter at dei har gått til fylket og klagt på hendingar knytt til oppfølginga frå barnevernet. Ho undrar seg over korleis ho skulle klart seg i oppdraget om ho ikkje hadde mannen og nettverket sitt som støtte:

For å seie det slik da, viss eg hadde vore aleine fostermor, og ikkje hatt det nettverket som vi har, og støtte frå mannen min og fosterforeldra til lillebror, så kanskje ein hadde sett seg i spegelen og tenkt er det meg det er noko gale med? Ein hadde liksom mista trua på sin eigen, egne, eigen bedømmelse, eller sin eigen måte å løyse og handtere ein situasjon på. Men det er jo ikkje det som er tilfellet, ein blir jo nesten.. Litt sånn, på ein måte litt trykka ned og.. I staden for å blir haldt litt oppe, tatt vare på og.. Du kan sitte og så kunne dei seie fullt av negative ting på ein måte, og så, men dokke er kjempe flinke fosterforeldre altså (informant 2).

Informant 4 er klar på at ho er nøgd med oppfølginga i sitt noverande oppdrag, men kan ikkje seie det same om det første oppdraget sitt: ”Denne gongen er eg svært tilfredstilt med oppfølging og sånn, og med opplysningar, men ikkje frå første gongen” (informant 4). Ho fortel om ein tett dialog med skule, BUP og barnevernet i det noverande oppdraget, som fungerer bra. Dette var ikkje tilfellet ved det første oppdraget hennar:

Eg følte at vi ikkje jobba mot felles mål da. Eg snakka om behandling og sånne ting, og dei kom her og seier at; ja her er det fint og han har det bra. Og eg seier at det er jo ikkje det eg treng. Eg treng profesjonell hjelp (informant 4).

Informant 2 seier at det er uaktuelt for dei å seie opp oppdraget, av omsyn til fosterbarnet: ”Nei vi hadde ikkje gitt opp (fosterbarn). Då hadde vi øydelagd han, så det gjer vi ikkje” (informant 2). Ho fortel at det har vore ei stor forandring av livet, men at fosterbarnet har blitt guten deira:

Eg unner jo ingen å vere gjennom det vi har vore gjennom på dei tre åra her. Ikkje i det heile tatt. For du, du gjer om, du forandrar jo livet ditt totalt. Og vi har blitt kjempeglade i (fosterbarn), så det handlar ikkje om det. Han har blitt guten vår han (informant 2).

Informant 6 fortel at veiledninga ho hadde frå saksbehandlaren ho hadde dei første åra av oppdraget, la grunnlaget for at ho har stått i oppdraget så lenge: ”Og det er antakelegvis derfor vi har stått i det så lenge også. Fordi at vi føler at vi har blitt ivaretatt og dei har sett alt vi har gjort” (informant 6). Undervegs i intervjuet blir ho meir og meir tydeleg på at ho ikkje lenger er nøgd med oppfølginga dei får frå barnevernet per dags dato. Ho undrar seg over om det faktum at ho har hørt andre sine ”skrekkhistorier” om därleg oppfølging gjer at ho har hatt låge forventningar til si eiga oppfølging:

Og eg har på ein måte heile tida gitt uttrykk for at eg har vore kjempefornøgd. Og det har eg også. Og det er litt viktig at det kjem fram og liksom, at ein har faktisk vore det. Men kanskje eg har hørt så mange historier at eg liksom berre tenkjer at det her må eg halde på (informant 6).

Ho seier at ho ikkje hadde klart det om oppfølginga hadde vore slik den er no også i starten av oppdraget:

Det hadde ikkje gått. Veit du kva det hadde ikkje gått. Det er derfor eg seier det eg skjønner at, at fosterheimar ryk. Eg har så full forståing for at fosterbarn må flytte frå det eine til det andre. For det skal noko til å stå i det her. Og blir du då, det er så mange saksbehandlarar som er så uprofesjonelle. Så eg forstår det. Og hadde eg opplevd det som eg har opplevd no frå vi starta, så tenkjer eg at vi ikkje hadde stått her som fosterforeldre. Sånn tenkjer eg. (Informant 6)

Ho fortel at ho skjønnar at fosterheimar ryk når oppfølginga kan vere så därleg som ho har opplevd den siste tida.

Informant 2 har også forståing for at fosterforeldre seier opp, ikkje på grunn av barnet, men på grunn av barnevernet:

Og eg trur kanskje nokon, viss dei ikkje hadde hatt den støtta som vi har hatt av fosterfamilien til lillebror, og at vi er så vaksne som vi er, så trur eg kanskje nokon hadde gitt opp. Ja. Og det er ikkje på grunn av barnet, det er på grunn av barnevernet (informant 2).

Informant 5 fortel at ho var klar for at det kom til å bli vanskelege periodar som fosterforelder og at ho aldri hadde noko forventning om at fosterbarnet skulle gjere ho lukkeleg. Ho skildrar kva som skulle til for at ho sjølv hadde sagt opp oppdraget som fostermor:

Ja det er jo det, det er, det er når på ein måte ikkje.. (...) Ikkje ha det same, ikkje er einige om vegen å gå. Det er i grunn det. At ikkje vi har ei gjensidig forståing av kvarandre sitt arbeid.

Ho forklarer at det å ha ei gjensidig forståing med barnevernet av kvarandre sitt arbeid, og vere einige om vegen framover er avgjerande for å kunne stå i oppdraget. Vidare skildrar informant 5 oppfølginga frå barnevernet som mangelfull: ”Nei i vårt tilfelle så er det, var det mangelfullt. Det var det” (informant 5). Ho fortel at alle instansane dei samarbeide med hadde god kontakt, utanom barnevernet: ”Eg opplevde at alle snakka saman utanom barnevernet. Altså vi hadde ei sånn ansvarsgruppe, og BUP og skulen og sosiallærer, altså.. Vennar, foreldre, vi snakka og hadde bra dialog” (informant 5).

Informant 3 opplever det som at dei barnevernstilsette slepp alt dei har i hendene for å snakke med ho. Ho fortel:

Jo, eg synest dei er flinke. Dei.. Det verkar som at det er kun meg dei jobbar for, for å seie det sånn. Nei det er ikkje det. Men altså det er nesten sånn dei, eg føler dei slepp alt dei har i hendene for å, ja, snakke med meg. Og dei har tid til meg. Om eg sitt og snakkar i fem minutt eller om eg sitt og snakkar i ein halvtime så hører dei på meg og har tid til meg. Og det synest eg er veldig kjekt (informant 3).

Informant 3 opplever det som viktig å få snakke ut og få dele erfaringar med barnevernet.

Dette behovet fortel ho at barnevernet oppfyller:

Altså det er viktig å bli høyrt og, ja, bli fortalt deira erfaringar med liknande situasjonar, og, ja. Få, det å få prate er jo viktig, for då får du tømt deg, og det er lettare å sjå fornufta oppi det viss det skulle vere ein kaotisk situasjon (informant 3).

På bakgrunn av den därlege erfaring med oppfølginga frå barnevernet er informant 2 klar på at ho ikkje vil anbefale andre å bli fosterforeldre:

Så når folk spør oss: korleis er det å vere fosterforeldre? Så seier vi med handa på hjartet det er fantastisk dette med (fosterbarn), men vi kan ikkje anbefale det på grunn av barnevernet. Så ærlege må vi vere. Men vi tillegg også, vi veit om fosterforeldre som har andre kommunar som er veldig fornøgde. Så skygg unna den kommunen der, men få eit barn frå den kommunen. Og sånn skal det ikkje vere (informant 2).

Informant 2 fortel at ho har snakka med andre fosterforeldre som har oppfølging frå andre kommunar enn dei sjølve, som har betre erfaringar med oppfølginga.

Informant 3 kan ikkje sjå føre seg å skulle gi opp som fosterforelder, og seier at det i tilfelle måtte vere om barnevernet ikkje var fornøgde med arbeidet hennar:

Eg er ikkje av dei som gir opp. Eg gir ikkje meg før det er heilt, kan du seie. Og eg kan ikkje forstå at det skal vere eit problem. Så vi prøver å stå i det så lenge det er mogleg. Ja, så eg kan ikkje sjå kva som skulle vere problemet. Det må jo vere om barnevernet er misfornøgde med oss som fosterforeldre i så fall. Og det håper eg ikkje dei er (informant 3).

#### 4.3.2 Kontroll og tilsyn

Fostermødrene fortel om besøk frå barnevernet der hyppigheita varierer frå ein til fire gongar i året. Informant 2 og informant 3 har hatt besøk av barnevernet to gongar i året. Informant 2 fortel at ho synest det har vore nok med to besøk. Informant 1 og informant 4 har hatt fire besøk i året. Informant 6 hadde berre eitt besøk frå barnevernet i løpet av fjoråret.

Informant 3 fortel at dei har hatt besøk av barnevernet to gongar i året, men at dei er der mindre no etter kvart som fosterbarnet er blitt eldre og meir med å bestemme dette. Ho fortel at ho ser fram til å få besøk av barnevernet:

Dei har brukt å vore her to gongar i året, i forhold til dette med skule og sånne ting.

Men no er han (alder) og har mange meininger og sånn sjølv, og er byrja å bli ein voksen, ung voksen. Så det er ikkje så mykje dei er her, men eg håpte jo at dei kom, for eg gleder meg jo til dei kjem da. For eg synes dei er så, ja, dei er så trivelege å vere ilag med og prate med og ja. Og dei hører på deg og. Så det, nei eg trur dei kjem ein gong før sommaren (informant 3).

Informant 2 fortel også om to besøk i året frå barnevernet, og opplever ikkje at dei har behov for noko meir enn dette:

Skal vi sjå, no har vi hatt to gongar i året kjem ho på besøk til oss. Og det har nok vore, vi treng ikkje det noko meir. (...) Så det var vel i haust, og no skal vi ha eit nytt eit no er det vel i April (informant 2).

Informant 4 seier at barnevernet følgjer lovverket når det gjeld hyppigheita av tilsyn: ”Og så har vi ein avtale om i mars igjen. Dei følgjer opp dei kriteria som er på ein måte innanfor lovverket da” (informant 4).

Informant 6 fortel at dei i fjor hadde berre eitt besøk av saksbehandlaren:

Ja eigentleg så skal dei jo komme fire gongar i året. Dei er jo pålagt fire gongar i året, barnevernstenesta. Men eg trur kanskje at vi rakk eit besøk i året eg? Kanskje. Trur ho brå-ringte og sa at ho måtte komme ein tur ja (informant 6).

Alle fostermødrene har hatt eigne tilsynsførarar for fosterbarna. Informant 6 og informant 5 fortel at dei ikkje hadde tilsynsførar på plass i starten, men gav beskjed om dette og fekk det etter kvart på plass. Informant 2 måtte også seie frå om tilsynsførar, då den første slutta å dukke opp utan noko beskjed frå barnevernet.

Informant 6 fortel at det i starten av oppdraget var berre kaos med tilsynsførar for fosterbarnet. Ho og ei venninne tok tak i dette, og det er no i orden:

Veit du, når ho flytta hit så hadde vi mange forskjellige, det var berre kaos, for å seie det rett ut. Kaos. Men så.. Eg og ei god venninne skreiv eit brev til politikarane i (kommune), kor vi etterspurte tilsynsførar. Då kom det på plass. Og den har vore på plass etter det. Så det har vore på plass i nokre år no. Så ho følgjer opp ho altså (informant 6).

Informant 2 fortel at den første tilsynsføraren dei hadde slutta å dukke opp:

Vi hadde ein tilsynsførar skjønnar du, men ho forsvann plutselig. Og eg måtte fortelle barnevernet at ho hadde forsvunne, for då hadde ikkje ho vore her på over eit halvt år. Eg syns det var rart da, for dei skal jo få rapportar frå det barnet som er her, for å seie i forhold til (fosterbarn) da.

Ho fortel at dei deretter fekk ein ny tilsynsførar, og at dette er i orden no.

Informant 5 fortel at dei sjølve etterlyste tilsynsførar då dei ikkje hadde det på eit heilt år. Dei opplevde at ho kom fire gongar på kort tid for å halde kravet om tal på tilsyn i året:

Vi hadde ein tilsynsførar i hausten 2016, og det var siste gong vi såg ho før vi fekk ny tilsynsførar hausten 2017. Og då fekk vi fire besök på liksom, på halvanna månad ikkje sant. For det skulle vere fire besök i året.

Dei andre fostermedrene har tilsynsførar på plass og er nøgde med oppfølginga derfrå.

#### **4.3.3 Hyppigkeit og tilgjengelegheit**

Fostermødrene fortel om forskjellige syn på kontakta med barnevernet når det kjem til kor hyppig dei har kontakt og kor tilgjengelege barnevernet er. Informant 1, informant 3 og informant 4 opplever at dei kan ta kontakt når dei har behov, og at dei då får kontakt med saksbehandlaren. Informant 4 fortel at det oftast er barnevernet som tek kontakt og spør korleis det går. Informant 2 og informant 6 fortel at dei har følt at det er best å halde kontakta med barnevernet på eit minimum.

Informant 4 opplever at det er barnevernet som tek kontakt med ho for å høyre korleis det går. Ho er svært nøgd med tilgjengelegheita når ho ønskjer å kome i kontakt med dei: ”Når eg tek kontakt så er dei tilgjengeleg. Og er dei i møter eller i saker så tek dei kontakt straks dei er klare. Så eg er veldig fornøgd med oppfølging no da. Det er eg” (informant 4). Ho fortel også at ho ikkje har noko imot å ringje dei viss det er noko, og dette har dei også gitt ho beskjed om å gjere: ”Og det seier dei sjølv også at viss det er noko så ring. Og dei er der for å hjelpe ikkje sant, og det.. Nei eg er berre kjempefornøgd. Og det er moro” (informant 4).

Informant 1 skildrar eit godt forhold til sin noverande saksbehandlar, og fortel at saksbehandlaren alltid svarar på telefon. Ho opplever at ho kan ringje til saksbehandlar når ho lurer på noko, og ho har lav terskel for å gjere dette. Ho fortel: ”Altså det, eg føler det at viss det er noko eg er usikker på, så ringjer eg berre til saksbehandlar. Så eg føler liksom ikkje at det er noko sånn store problem vi er borti” (informant 1).

Informant 3 fortel at barnevernet gjerne tek kontakt med ho: ”Gjerne viss det er noko kurs dei ønskjer vi skal gå på, eller om det er noko dei er usikre på så tek dei lett kontakt ja” (informant 3). Ho fortel at ho ringjer saksbehandlar når ho har behov for ein prat: ”Veit du ho er så triveleg ho, altså eg ringjer ho ganske ofte. Om det berre er ein triviell ting også så er det gjerne det altså, skulle eg til å seie” (informant 3). I dei fleste tilfelle får ho kontakt når ho

ringjer, men ho uttrykkjer forståing for at saksbehandlar ikkje alltid er tilgjengeleg. Då kan dei snakkast seinare:

Og så får eg svar viss ho er tilgjengeleg og viss ikkje eg får svar så, ja vel, då er ho ikkje tilgjengeleg og då er det.. Ja då får vi berre stå i det medan det står i, så får vi heller snakkast etterpå (informant 3).

Informant 2 fortel at dei i startfasen hadde møte med barnevernet ein gong i månaden i forbindelse med samvær. Ut over dette opplever ho at kontakta heile tida har vore på deira initiativ. I løpet av første månaden av plasseringa reagerte dei på at dei ikkje hørte noko frå barnevernet:

Første månaden han budde her så var det ingen eingong som ringte og spurte om korleis han hadde det. Og då tenkte eg: så trygge kan dei ikkje vere på oss. At dei overlèt ein gut på den måten der. Så det har eg sagt til dei fleire gongar, at det heldt ikkje. Verken for han eller for vår del (informant 2).

Informant 2 fortel også at dei tidleg følte at det var greitt å ordne seg sjølv utan å blande inn barnevernet:

Kan seie det sånn, veldig tidleg, i vertfall etter eit år så følte vi at det er like greitt å kanskje ikkje snakke med barnevernet om det, fordi at.. (...) for å skåne (fosterbarn) så tenkte vi at det er like greitt, om vi ikkje hører noko frå barnevernet så ordnar vi oss sjølv (informant 2).

Informant 2 forklarar at dei opplevde at det kunne verte mykje styr av å blande inn barnevernet i ulike situasjonar og at dei difor syntest det var betre å ordne seg sjølve.

Informant 6 fortel at ho ikkje har noko god relasjon til den noverande saksbehandlaren sin. Ho fortel korleis ho har opplevd forskjellen frå den første til den siste saksbehandlaren dei har hatt:

Men dei hadde, det vil seie vi hadde jo ein fantastisk saksbehandlar dei første åra. Og eg trur eg kan seie at takka vere ho så står vi fortsatt i jobben. Det er for at ho la eit sånn, eit grunnlag. For eg merkar jo no med den saksbehandlaren her som ikkje bryr seg nokon ting, kor eg verkeleg har mista.. Altså eg, korleis skal eg forklare det da.. Det er akkurat som kreftene går ut av deg, at du, du har ikkje den der, til å kjempe for fosterbarnet ditt. Den har eg merka. Og det er den siste saksbehandlaren som har kome inn, som ikkje kan saken, som ikkje bryr seg noko om det. Det har vore ein, det har eigentleg vore ei forferdeleg oppleving (informant 6).

Her forklarar informant 6 kor mykje den første saksbehandlaren har hatt å seie for at ho står i jobben, og at ho ikkje hadde gjort det så lenge om ho ikkje hadde hatt den gode oppfølginga i starten.

Informant 5 fortel at dei var veldig nøgd med den første saksbehandlaren dei hadde:

Første saksbehandlaren vi fekk var heilt fantastisk. Veldig flott, flink til å gi tilbakemelding, flink til å oppmuntre, flink til å ta telefonen, flink til å svare på meldingar. I det heile tatt. Veldig dyktig dame. Så vi (...) syntes jo dette her gjekk så fint (informant 5).

Informant 5 fortel at dei etter ei stund fekk ny saksbehandlar, og fekk ei heilt anna oppleving med denne personen:

Ho var ei katastrofe eigentleg. Frå første stund. Ho, det var ikkje bra. Ho var veldig mykje sjukmeldt, veldig mykje vekke, feriar. Altså vi fekk aldri, vi sendte inn mail, vi sendte tekstmeldingar, prøvde å ringe ho, men ho svarte ikkje. Og vi, ja sendte alvorlege meldingar og.. Når vi ringte og etterlyste ho så viste det seg at ho hadde vore på ferie i 14 dagar (informant 5).

Informant 5 stiller spørsmål til at ikkje nokon andre tok ansvar for å svare dei når saksbehandlaren var vekke frå jobb.

I forhold til den generelle kontakta med barnevernet opplever ikkje informant 2 at den er som den burde vere. Ho fortel:

Når eg har eller har hatt ein frustrasjon eller noko så skulle det rette vore, då skulle eg ringt min saksbehandlar og sagt ”du (namn), det er sånn og sånn”. Men vi har følt at vi ikkje, det har ikkje vore slik, nei (informant 2).

Informant 6 fortel om eit liknande forhold til sin noverande saksbehandlar:

Eg har lært meg til at du får ikkje kontakt på den saksbehandlaren som vi har no. (...)

Viss eg absolutt skal ha tak på dei, så må eg skrive sånn; ring meg, dette er viktig, eller sånn. Då ringjer dei, men elles så bryr dei seg ikkje.

Informant 5 fortel at dei hadde samtalar med saksbehandlaren ca. kvar fjerde månad, men at dei sakna kontakt i kvardagen og å ha nokon å snakke med om konkrete situasjonar dei stod i:

Følte vel at det var meir kvardagen som var, det å, såinne ting, å ha den støtta i kvardagen som vi sakna eigentleg. Altså å sitte på møter og liksom vere einig det er jo ein ting, ein anna ting er liksom når det er noko du verkeleg står i, så har du lyst å ringe nokon og lure på; kva er smart her? Eller, kva kan vi gjere her, eller, ja. Eller i vertfall å ha nokon å snakke med om det da (informant 5).

Informant 6 forklarar at ho på generelt grunnlag ikkje har vore vand med tett oppfølging frå barnevernet:

Eg har vore vant til å kome på skulemøter kor det har vore planlagde skule, samarbeidsmøter kor du fem minutt før har fått ei tekstmelding frå ein saksbehandlar: ”sorry, kjem ikkje, måtte gjere noko anna”. Det er jo, skjer jo ofte. Så det er derfor eg seier at den første saksbehandlaren vår la nok grunnlaget for at vi klarer å, har klart å stå i det så lenge.

#### **4.3.4 Relasjonen til saksbehandlar**

Fem av seks av fostermodrene har bytta saksbehandlar fleire gongar i kvart av oppdragene dei har hatt. Dei fortel alle om møter med ulike personar, som dei har vore både svært nøgde og svært misnøgde med. Dei viser ulik haldning til det å måtte skifte saksbehandlar fleire gongar.

Informant 3 har bytta mellom to saksbehandlarar på dei 4-5 åra oppdraget har vart. Ho fortel at ho gav beskjed til barnevernet om at dei måtte ta omsyn til fosterbarnet då det vart aktuelt å bytte saksbehandlar for andre gong:

Det var litt skifting. Der kom inn ei ny som skulle ha hovudansvaret, og så blei ho gravid, og så fekk ho som hadde det tidlegare igjen tilbake ansvaret. Og då sa eg; no må dokke tenkje litt på guten. Og.. Liksom sånn. Så då var dei einige om at, då skulle ho som hadde hatt det tidlegare få det tilbake. Ja, så ho hadde, no har ho det fast og skal ha han til han er ferdig (informant 3).

Informant 6 fortel at ho har hatt fem forskjellige saksbehandlarar på desse 10 åra. Dette skildrar ho som ein sensasjon:

På dei ti åra? Vi har for så vidt vore ganske heldige i forhold til mange andre tenker eg. Skal vi sjå.. Takka vere ho første så stod vi der i nokre år. Sist, før ho her kom inn så har vi nok hatt ein ny kvart år i tre år. Eg trur vi har klart oss med fem, og det er sensasjon (informant 6).

Informant 4 har hatt same saksbehandlaren heile tida i neverande oppdrag, men er i ferd med å få ny saksbehandlar no, i samband med at saka skal opp i tingretten. Ho er per dags dato svært nøgd med saksbehandlaren sin. I det første oppdraget ho var i opplevde ho det motsette. Der hadde ho fem saksbehandlarar på eitt år: ”Og eg hadde fem saksbehandlarar på eitt år. Det var sjukemelding og hit og dit, og berre slike usaklegheiter følte eg. Og då tenkte eg at det her gidd eg ikkje” (informant 4).

Informant 1 har hatt fire forskjellige saksbehandlarar på fem år. Ho fortel at ho synest det har vore stor forskjell på dei ulike saksbehandlarane:

Ja, eg synest det. Og sånn som ho første som vi hadde, og ho som vi har no, dei er veldig, veldig kjekke og sånt da. Dei som var i midten var eg litt meir sånn usikker på. Men det er liksom sånn ein føler som fostermor også så, ja viss ikkje du veit heilt kvar du har saksbehandlarane, så veit du liksom ikkje heilt korleis du kan snakke med dei heller, og kor mykje du kan seie. Så eg var veldig usikker med dei to da (informant 1).

Informant 2 fortel at ho har hatt tre forskjellige saksbehandlarar på tre år. Den første sa dei sjølv opp fordi dei ikkje hadde tillit til ho. Dei hadde betre oppfatning av den andre saksbehandlaren, men hadde ikkje berre gode opplevelingar av ho heller. Informant 2 forklarar:

Ho første vi hadde ho laug og snakka med to tunger fann vi ut. Så vi sa frå til barnevernet at ho ville ikkje vi ha. Så fekk vi ei ny ei og ho hadde vi i ei periode. Ho var veldig klar og tydeleg ho, men ho kunne jo ikkje alltid oppføre seg (informant 2).

På bakgrunn av kontakta informant 6 har med andre fosterforeldre har ho låge forventningar til kva som er normalen når det kjem til utskifting av saksbehandlar:

Dei bytter jo ofte etter 3-4 månadar, etter eit halvt år, et år. Det er derfor eg seier vi er privilegerte. Fem på ti år det er jo berre heilt, det er nesten ikkje, nesten ikkje sånn så du trur på det (informant 6).

Informant 2 fortel at dei har eit godt forhold til den tredje saksbehandlaren, som dei framleis har: ”Ja, ho har vi eit godt forhold til. Ja. Ho er nok for å vere heilt ærleg, mellom barten og veden på ein måte. Ho er jo ein veldig snill og hyggeleg person” (informant 2).

Informant 1 skildrar det som litt tungt å måtte byrje på nytt for kvar gong dei fekk ny saksbehandlar:

Ja eigentleg så var det, eg synest det var litt sånn trasig at.. Det var det, skal vi sjå ho første var her i alle fall første året, kanskje eit og eit halvt år. Og så hadde vi då desse to i midten som eg seier. Og det var sånn, en, toppen eit år dei var (...) det var so tungt å skulle byrje på nytt igjen og forklare alt og sånt. Følte eg da (informant 1).

Informant 2 skildrar seg sjølv som roleg som person, og seier at dette er årsaken til at dei ikkje har vore meir i konflikt med saksbehandlarane: ”Fordi at eg er så roleg som person så har ikkje vi hatt noko konflikt, men det kunne vi hatt” (informant 2).

## 5.0 Drøfting

Vidare vil eg drøfte dei presenterte funna opp mot teorien frå teorikapitlet. Funna eg har gjort er knytt til fostermodrene i mitt utval, og kan ikkje generaliserast til alle fostermodrer. Når eg skriv om fostermodrer i drøftinga refererer eg slik til fostermodrene i mitt utval. I drøftingsdelen startar eg med ei kort drøfting av det personavhengige i oppfølginga frå barnevernet. Deretter følgjer eg kategoriane frå kapittel 4; førebuing til fosterheimsoppdraget, opplæring, veiledning og kompetanse, og oppfølging. Til sist kommenterer eg barnevernet si dobbelrolle, som ei avslutning. For å unngå for mykje gjentakingar av kapittel 2.0, vil eg gjengi teorien herfrå berre i korte trekk, og heller vise til nummer på kapitlet eg refererer til.

### 5.1 Eit personavhengig barnevern

Det tydelegaste funnet i materialet mitt er at barnevernet si oppfølging av fostermodrene er personavhengig. Det personavhengige går igjen både i korleis fostermodrene opplever forholdet til saksbehandlarane, kor hyppig og tilgjengeleg kontakta er, og kompetansen til saksbehandlarane. Dette kan blant anna knytast til det at barnevernet er prega av hyppige utskiftingar av personale, noko som fører til jamn og ujamn skifting av saksbehandlar for fosterforeldre. Kva ligg det så i at oppfølginga er personavhengig? Det vil seie at oppfølginga kvar fostermor får frå barnevernet vil vere forskjellig og variere for kvar saksbehandlar ho møter på. Det indikerer at oppfølginga til ei viss grad kan seiast å vere tilfeldig, og prega av flaks eller uflaks. Ein kan i så grad vere heldig og møte på den kompetente, oppmerksame saksbehandlaren, som ein får kontakt med og som tek kontakt. På den andre sida kan ein vere uheldig og møte på ein ung og uerfaren saksbehandlar som ikkje har rett eller god nok kompetanse, eller som ikkje viser interesse for saken.

### 5.2 Førebuing til fosterheimsoppdraget

Alle fostermodrene gjennomførte PRIDE-grunnopplæringa, eller forgjengaren til denne. Jamt over uttrykkjer informantane at dei fann PRIDE-opplæringa nyttig og at den gjorde dei betre rusta for fosterheimsoppdraget. Informant 6 skildrar PRIDE-kurset som eit bra kurs. I dette legg ho at ho lærte mykje av kurset, og at det gav ho ein del aha-opplevelingar. Den gode opplevinga av PRIDE-kurset blant mine informantar, er i tråd med tidlegare undersøkingar av PRIDE-opplæringa gjort av Havik (2007, s. 67) og av Stefansen & Hansen (2014, s. 11), jamfør kap. 2.1.3. PRIDE-opplæringa er derimot generell kunnskap, og kan slik ikkje førebu

fostermødrene på korleis nettopp deira fosterbarn kjem til å utvikle seg. Dette viser igjen i det nokre av informantane fortel om at dei ikkje opplevde å ha fått god nok informasjon om nettopp det fosterbarnet dei skulle ha omsorg for.

Informantane uttrykkjer at dei har hatt behov for informasjon om fosterbarnet i forkant av plasseringa. Dette er i tråd med det Kapstad (2014) skriv om at kunnskap om kva fosterbarnet har vore gjennom i forkant av plasseringa, kan hjelpe fosterforeldra å setje seg inn i bakgrunnen for åferda og reaksjonsmønsteret til barnet, kap. 2.2.2. Slik informasjon har ikkje alle fostermødrene i tilstrekkeleg grad fått. For dei av informantane som har opplevd å ikkje få god nok informasjon om fosterbarnet, har dette ført til at oppdraga har blitt svært utfordrande, og i eitt tilfelle ført til brot.

Informant 4 skildrar at ho i den første plasseringa ikkje fekk korrekt informasjon om kva grad av utfordringar og skadar fosterbarnet hadde. Barnet hadde mykje større utfordringar og skadar enn ho hadde fått informasjon om. Ho opplevde ikkje informasjonen ho fekk som god nok. Slik situasjonen utvikla seg måtte ho til slutt seie opp oppdraget sitt. Slik ho forklarer situasjonen kan det verke som den utilstrekkelege informasjonen gjorde at ho sa ja til å ta på seg eit oppdrag ho i utgangspunktet ikkje hadde moglegheit til å gjennomføre. Dette gjorde at både ho og fosterbarnet vart utsett for ei påkjening som dei begge kunne vore forutan, hadde informasjonen vore god nok i utgangspunktet.

Informant 6 fortel at barnevernet var svært flinke på å informere om barnet, og brukar sjølv ordet å ”førebu” dei på kva dei hadde i vente. Ho forklarar at ho aldri var i tvil om kva ho gjekk til med tanke på fosterbarnets behov. Dette er i tråd med funna Havik (2007, s. 67) gjorde i si undersøking, jamfør kap. 2.2.2, som viste at det å vite kva ein går til er nyttige føresetnader for å kunne meistre oppgåva. Informant 2 tok, på eige initiativ, kontakt med beredskapsheimen fosterbarnet hadde vore i, for å sikre seg informasjonen ho hadde behov for. Også fordi barnet sjølv ønska dette. Ho viser forståing for at barnevernet sjølv ikkje alltid kjenner barna dei skal plassere.

Det informant 2 og informant 6 fortel om her er viktig å trekke fram. Begge informantane har hatt god nytte av informasjon om fosterbarnet, men informant 2 uttrykkjer forståing for at dette ikkje alltid er mogleg å få til. For barnevernet vil ikkje alltid kjenne til alle sider ved barnet i ei grad som gjer dei i stand til å informere fosterforeldra om det i forkant av plasseringa. I alle høve vil det ikkje vere mogleg å sjå for seg korleis eit barn kjem

til å reagere på det å bli plassert i ein ny heim, og i kva grad det kjem til å knyte seg til dei ulike familiemedlemmene, uavhengig av kor godt ein kjenner barnet på førehand. Om barnet i tillegg har vore gjennom vanskelege eller traumatiske hendingar vil dette også i stor grad kunne påverke korleis barnet reagerer på sitt nye liv. Det er her informasjonen til fosterforeldra i forkant av plasseringa, blir så viktig. Informasjon som går på at barnet mogleg kan ha store skadar som følge av å ha levd i vanskelege forhold, er særsviktig for å førebu fosterforeldra på kva som ventar dei. Fosterforeldra skal i tilstrekkeleg grad førebuast på nettopp det at dei ikkje kan vere budd på alt som kan skje. Dei skal få informasjon frå barnevernet som førebur dei på at ein ikkje kan vite på førehand korleis ting blir. Slik kan ein unngå at fosterforeldre kjem i ein situasjon som overhovudet ikkje lever opp til forventningane dei har sett seg.

Alle fostermødrene skrev under på fosterhjemsavtalen (Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet, 2010), jamfør kap. 2.2., i forkant av plasseringa. Denne tek punktvis føre seg all informasjonen fosterforeldra skulle ha behov for. Med ein grundig gjennomgang av denne avtalen skulle alt i teorien vere klart og tydeleg for både fosterforeldra og barnevernet. Ved gjennomgang av fosterhjemsavtalen (*ibid.*) skulle alle områda ved oppfølginga frå barnevernet som informantane har opplevd som mangelfull, vore dekka. Av det som er kome fram av intervju med fostermødrene, er dette ikkje tilfellet for alle. Kva blir lagt i inngåing av denne avtalen og er den detaljert nok? Kva er betydinga av kontrakten, når løfta den kjem med ikkje blir innfridd? Er dette berre tomme løfter frå barnevernet?

Havik (2007, s.67) understreker at når informantane svarar i ettertid på om ein var godt nok førebudd på oppgåva eller ikkje, vil svaret vere farga av korleis ting faktisk har utarta seg, og vil slik ikkje berre vise til korleis dei opplevde det der og då. Det må difor nemnast at det at informantane i ettertid veit at det vart brot på oppdraget, kan farge korleis dei skildrar informasjonen dei fekk i forkant. Av det informantane forklarar, kjem det likevel fram at informasjonen dei får i forkant av oppdraget har mykje å seie. Det å skulle ta imot eit fosterbarn er krevjande nok i seg sjølv, og det informantane fortel viser at det å ha god informasjon i forkant og vite kva som ventar dei er viktig for måten dei taklar utfordringane på. Dette gir dei moglegheit til å førebu seg og betre kunne møte fosterbarnet og behova han/ho har på ein best mogleg måte.

## 5.3 Opplæring, veiledning og kompetanse

### Kurs

Informantane har alle delteke på forskjellige kurs i regi av barnevernet, for å få vidare kunnskap om fosterforeldrerolla. Informantane skildrar det å få tilbod om å gå på kurs og å få moglegheit til å gå på kursa dei ønskjer, som ein viktig del av oppfølginga frå barnevernet. Dei fortel at dei opplever å ha lært noko gjennom kursa dei har vore på, og informant 6 forklarar at kursa har hjelpt ho å takle rolla som fostermor. Det at fostermødrene har delteke på fleire kurs er i tråd med forskinga til Backe-Hansen, Havik og Grønningsæter (2013, s. 21), som viser til ei auka profesionalisering av fosterheimar, jamfør kap. 2.1.2. Samtidig er det tydeleg at informantane sjølve ser behovet for å lære meir og auke kompetansen sin, og at nettopp dette er ein essensiell del av oppgåva som fosterforeldre. Det kan seiast at dei ser at dei behova fosterbarna deira har, krev meir kompetanse enn dei nødvendigvis har hatt i utgangspunktet, og difor ser nytta av å delta på kurs.

Fosterforeldra skildrar ulike behov for å delta på kurs. Dei som har vore i lengre oppdrag forklarer at dei var meir ivrige på å delta på kurs den første tida av oppdraget. Dette er i tråd med det Jacobsen (2009) skriv om viktigheten av veiledning og oppfølging av fosterforeldra den første tida, jamfør kap. 2.3.2. Fleire av fostermødrene brukar formuleringa ”på tilbodssida” om barnevernet, her i forhold til mogleighetene dei har for å gå på kurs. Det at barnevernet er på tilbodssida når det gjeld å la fostermødrene delta på kurs, tolkast som at dei gir fostermødrene fleire tilbod om å gå på kurs, men også at dei seier ja når fostermødrene sjølve spør etter å få delta på kurs.

Det at barnevernet er på tilbodssida med å tilby kurs, blir av fostermødrene skildra som positivt. Det kan tolkast at fostermødrene ser på deltaking på kurs som ein viktig måte for dei å tilegne seg kunnskap og kompetanse på. Tilboden om deltaking på kurs blir av informantane skildra som ein god del av oppfølginga dei får. Det at alle fostermødrer ser det som nødvendig og nyttig å gå på kurs er ikkje gitt. Mange fostermødrer har eigne barn, noko som kanskje kan gjere at mange tenkjer at dei har kunnskapen som trengs for å ta til seg fosterbarna. Med grunnlag i dette kan det tenkjast at haldninga til å gå på kurs ikkje er så positiv, og at barnevernets tilbod om kurs blir tolka som ei negativ haldning til fostermødrene si evne til å oppdra barna sine. Informantane mine viser ikkje teikn til å ha denne haldninga til kursa, men ser heller behovet for hjelp frå barnevernet. Dette viser til ein mangel på

spenningar i denne delen av samarbeidet med barnevernet. Det verkar også som denne delen av oppfølginga frå barnevernet har fungert godt for mine informantar.

Det at fostermødrene opplever å få tilbod om kurs, og at dei får stille på kursa dei ønskjer er svært positivt. Det er derimot naturleg å peike på at kursdeltaking for fosterforeldre burde vere eit krav i avtalen mellom dei og barnevernet, framfor eit val for fosterforeldra. Deltaking på kurs for tileigning av vidare kompetanse retta mot korleis fosterforeldra skal møte sitt særskilte fosterbarn, kan seiast å vere ein viktig del av å sikre at dei kan gjennomføre jobben sin på ein best mogleg måte.

### Kva er god veiledning?

Informantane som fortel om deltaking på gruppeveiledninga Trygg Base har alle positive opplevelingar frå dette. Dei skildrar det som givande og nyttig. Dette er i tråd med det Bunkholdt & Kvaran (2015, s. 278) skriv om at fosterforeldre kan vere verdifulle støtter for kvarandre, og at fosterforeldre opplever det som verdifullt å kunne snakke med kvarandre og dele erfaringar når dei møtest, jamfør kap. 2.3.2. For nokre av informantane er det Trygg Base som blir nemnt når det er snakk om veiledning frå barnevernet. Det tolkast difor til at dette er det einaste tilbodet nokre av dei har fått om veiledning. Dei informantane dette gjeld, omtalar ikkje dette faktum som noko mangelfullt i veiledninga, men verkar tvert om nøgde med denne forma for veiledning. Kanskje har dei ikkje kjennskap til andre typar veiledning, kanskje veit dei ikkje kva veiledning inneber? Informant 2 har på bakgrunn av därlege erfaringar med kontakta med barnevernet kome til at det er betre å delta på Trygg Base-samlingane og heller bruke denne forma for veiledning, framfor å ta kontakt med barnevernet.

Informant 6 fortel at ho var nøgd med veiledninga ho fekk i starten av plasseringa. Ho forklarer etter kvart at det at veiledninga var så god i starten var avgjerande for at ho har stått i oppdraget så lenge som ho har. Det at ho per dags dato ikkje er nøgd med tilbodet om veiledning, ville ifølgje henne ha fått større konsekvensar om ho ikkje hadde hatt den hjelpa ho hadde i starten. Også informant 5 var nøgd med veiledninga i starten av oppdraget og opplevde å ha jamn kontakt med saksbehandlar på dette tidspunktet. Dei av informantane som har vore tilfredse med veiledninga jamt over skildrar også at veiledninga i starten har vore viktig. Forklaringane deira viser at god veiledning i starten av oppdraget kan skape eit så godt fundament at dei kan klare seg til tross for at ting blir vanskelegare etter kvart. Dette er i tråd

med det Kapstad (2004) skriv om at veiledning bør vere ein del av oppfølginga i starten av plasseringa, jamfør kap. 2.3.2.

Gjennom det informantane fortel om veiledning kjem det fram kva forventningar dei har til veiledninga og kva dei ser på som god veiledning. Informant 3 opplever det som viktig å ha eit godt og ope forhold til barnevernet. Ho utdjupar at det er viktig å bli høyrt og å kunne ha utblåsingar for å tømme seg for irritasjonar og liknande. Havik (2007, s. 152) skriv at nettopp openheit og tryggheit er viktig i barnevernet sine sentrale støtte- og oppfølgingsoppgåver, jamfør kap. 2.3.3. Informantane uttrykkjer eit behov for anerkjennelse for det dei gjer og mange forklarer det som positivt at barnevernet er på tilbodssida. Dette krev god relasjonskompetanse (Røkenes & Hanssen, 2002, s. 10) jamfør kap. 2.3.4. Det informantane legg i at barnevernet er på tilbodssida i denne samanhengen, er til dømes at dei er flinke å ta kontakt med fosterforeldra for å høyre korleis det går. Dette fortel at barnevernets nærvær er eit ønske for fostermødrene, og ikkje ein trussel.

Det er ikkje gitt at all kontakt med barnevernet er ønska av fostermødrene. Som nemnt har mange fostermødrer barn frå før og det å stadig bli kontakta av barnevernet som vil høyre korleis det går, kan kunne tolkast som kritikk og som at barnevernet har lita tiltru til deira evner som gode foreldre. Det mine informantar skildrar viser derimot at dei ser på forholdet til barnevernet meir som eit samarbeid der barnevernet skal støtte opp om dei, og at kontakta med barnevernet kan vere noko positivt og nyttig for dei. Samtidig må det her nemnast at nokre av informantane fortel at dei har lært seg til at det er betre å ikkje ta kontakt med barnevernet. Dette fordi det ved visse tilfelle har blitt misforståingar når dei har tatt kontakt. Det skildra behovet for mindre kontakt kan her sjåast som følgjer av at relasjonen med saksbehandlar har vore därleg, og at det i utgangspunktet ikkje har vore ein ønskjeleg situasjon med lite kontakt, for fostermødrene det gjeld.

PRIDE-opplæringa dekkjer den generelle opplæringa til fosterforeldra. Vidare må veiledninga dei får undervegs i plasseringa vere meir spesifikk, retta mot nettopp deira barn og situasjonen dei er i. Dette spesielt med i samband med etablering av relasjonen mellom fosterbarn og fosterforeldre, då fosterbarn kan reagere annleis enn andre barn (Jacobsen, 2009; Bunkholdt & Kvaran, 2015, s. 277), jamfør kap. 2.3.2. Barnevernet har ansvaret for å følgje opp fosterforeldre, og må også gjere dette om ein skal sørge for god kvalitetssikring av arbeidet fosterforeldra gjennomfører.

Kva kompetanse har dei tilsette i barnevernet til å tilby denne veiledninga av fosterforeldre? Oterholm (2016) viser til at veiledningskompetansen blir trekt fram som essensiell i arbeidet med fosterfamiliar i forskjellige rapportar og utredningar, jamfør kap. 2.3.2. Er den treårige barnevernspedagogutdanninga dekkande til å kunne tilby fosterforeldra den veiledninga kvar enkelt har behov for opp mot sine særskilte barn? Kanskje er det nødvendig at vidareutdanning innan veiledning blir eit krav for alle som skal arbeide med nettopp veiledning av fosterforeldre, for på denne måten å sikre at dei får dekka behovet for dette, slik utvalet konkluderte med i Norges offentlige utredninger, nr. 12, om barnevernet i Norge (2000, s. 14), jamfør kap. 2.3.2. Eg vil kome meir inn på kompetanse seinare.

### **Kvar trengs det veiledning?**

Informantane har ulike syn på kva dei har størst behov for veiledning rundt. Informant 2 uttrykkjer at behovet for veiledning har vore større opp mot praktiske problemstillingar i barnets situasjon, enn opp mot barnets åtferd. Dette kan ha samanheng med at ho sjølv opplever å ha lært mykje om åtferd gjennom kurs ho har vore på, noko som kanskje har gjort ho tryggare i rolla og meir bevisst på korleis ho skal takle ulike situasjonar med tanke på barnets åtferd. Andre informantar har hatt mest behov for veiledning kring det med reglar og grensesetting. Havik (2007, s. 97) fann i si undersøking, at 87% av fosterforeldra meinte at veiledninga burde rette seg til forhold ved barnet, jamfør kap. 2.3.2., noko som er i tråd med mine funn.

Ein tydeleg tendens er informantane sitt behov for tilgang på veiledning i daglegdagse situasjonar. Fleire av informantane fortel at dei har eller har hatt behov for å kunne ringje og be om råd eller stille spørsmål til kontakta i barnevernet når dei står i ein situasjon dei synest er vanskeleg og er usikre på korleis dei skal takle. Dette vil eg også kome inn på under kapittelet om tilgjengelegheit, s. 74.

Sjølv om nokre av informantane uttrykkjer at dei ikkje har hatt behov for veiledning frå barnevernet, skildrar alle at dei har motteke veiledning på ein eller annan måte, frå ulike hald. Bunkholdt & Kvaran (2015, s. 277) understreker viktigheita av at fosterfamilien får veiledning, og skriv at dette er ein føresetnad for at plasseringa vert vellykka, jamfør kap. 2.3.2. Informant 6 er ganske tydeleg på at ho ikkje har hatt behov for veiledning frå barnevernet. Ho har derimot hatt god nytte av gruppeveiledninga Trygg Base, og ho har også fått veiledning frå besøksheimen til fosterbarnet. Behovet hennar for veiledning har slik vore

tilstades, men har blitt dekka på andre måtar enn gjennom barnevernet. Om ho ikkje hadde hatt veiledning frå andre hald ville det kanskje vore meir aktuelt å i større grad oppsøkje barnevernet for veiledning enn ho har vore nøydd til eller har hatt behov for å gjere.

Informant 2 uttrykkjer at ho har hatt behov for veiledning knytt til praktiske utfordringar knytt til barnets situasjon, noko dei har måtte jobbe mykje for å få. Det kan tolkast som at informant 2 og mannen hennar i stor grad har sett seg inn i ting på eiga hand. I deira tilfelle verkar det som at dei har hatt god hjelp i sitt eige nettverk og støtta dei har fått der. Denne hjelpa har informanten og mannen hennar fått på eige initiativ, som følgje av at barnevernet ikkje har dekka deira behov. Også her må barnevernet sitt krav om veiledning av fosterforeldra trekkast inn, som kvalitetssikring av fosterheimane, jamfør kap. 2.3.2. Det at fosterforeldra sjølv må gå gjennom eigne kanalar for å få den støtta dei har behov for, skal ikkje vere haldbart. Dette viser til ein svikt i barnevernets rutinar i samband med oppfølginga av denne informanten og den gjeldande plasseringa. Desse er lovfesta i Forskrift om fosterhjem, (2003, §7) og lov om barneverntjenester (1992, § 4-22), jamfør kap. 2.3.2.

## Kompetanse og skikkethet

Fostermødrene skildrar opplevinga av saksbehandlarane sin kompetanse som personavhengig. Dei har ulik oppleving av i kva grad saksbehandlarane har rett kompetanse til å veilede dei. Halvparten av informantane opplever kompetansen til saksbehandlarane som god, medan andre halvparten ikkje opplever at dei har kompetansen som skal til for å veilede dei opp mot sitt fosterbarn. Nokre av informantane viser til store forskjellar mellom dei ulike saksbehandlarane dei har hatt, noko som viser at kompetansen er forskjellig frå person til person. Slik vil det også her vere tilfeldig om fostermødrene opplever å ha tilgang på veiledning frå ein saksbehandlar med rett kompetanse, eller ikkje.

Informant 6 opplever at mange av saksbehandlarane er uprofesjonelle. Det å vere profesjonell går ut på å klare å setje til side private preferansar og meningar, og å ta på seg oppgåvene som yrkesrolla krev (Røkenes & Hanssen, 2012, s. 247), jamfør kap. 2.3.4. Det at informanten opplever saksbehandlarar som uprofesjonelle knytast til måten dei utøver yrkesrolla si på, og at dei ikkje har ein passande måte å balansere mellom det profesjonelle og det personlege.

Informant 5 fortel at dei fleire gongar opplevde å ha forsøkt å kome i kontakt med saksbehandlaren over lengre tid, for så i ettertid å få beskjed om at ho hadde vore sjuk eller på

ferie. Dette reagerte ho på, då dei var i alvorlege situasjonar og ikkje klarte å kome i kontakt med saksbehandlar. Dette viser til ein mangel i rutinane til barnevernet. Ein skulle kunne forvente eit automatisk svar med informasjon om at denne personen ikkje var tilgjengeleg, og kontaktinformasjon til den neste i rekka. Det at saksbehandlar blir sjuk eller reiser på ferie kan ein ikkje setje fingeren på, men her burde barnevernet ha eit system som fangar opp, og sender beskjeden vidare til ein annan. Barnevernskontoret må ha ei ordning på kven andre som skal ta over for saksbehandlaren som er på ferie. Det at dette ikkje er på plass, viser ein mangel på planlegging og struktur i arbeidet. Er dette noko ein lærer i barnevernspedagog-utdanninga? Det å lære å jobbe på ein strukturert og ryddig måte vil kunne seiast å vere essensielt i barnevernsfeltet, der det stadig blir peika på at arbeidsmengda er stor for kvar enkelt saksbehandlar. Kanskje ville det vore til nytte å etter ein hovudregel arbeide to saksbehandlarar saman på sakene? Dette ville både kunne betra relasjonen mellom saksbehandlarar og fosterforeldra i at dei alltid hadde to personar å ta omsyn seg til, samtidig som at det ville vore mindre skjørt ved sjukdom eller ferieavvikling. Samtidig vil det for unge og uerfarne, og nyutdanna saksbehandlarar vere ei fagleg støtte å ha ein annan person å samarbeide med i sakane.

Det at mange av informantane fortel om därlege erfaringar med kontakta dei har eller har hatt med ulike saksbehandlarar, kan seie noko om saksbehandlarane sin relasjonskompetanse. Denne går ifølgje Røkenes & Hanssen (2002, s. 10) blant anna på evna dei har til å ivareta ein god dialog med fosterforeldra, jamfør kap. 2.3.4. Dette har ikkje alle saksbehandlarane oppnådd med fosterforeldra. Røkenes & Hanssen (2012, s. 216-217) forklarer kommunikasjon som ein sirkulær prosess, der partane er ein del av eit samspel der dei heile tida gir kvarandre tilbakemeldingar, jamfør kap. 2.3.4. I tråd med dette må sjølv sagt også fosterforeldra vere deltakande i opprettinga av god kommunikasjon. Ein kan likevel argumentere for at mykje av dette ansvaret ligg på saksbehandlarane som skal vere fagpersonane i forholdet. I kva grad er det eigentleg fokus på opplæring i det å etablere eit godt samarbeid med til dømes fosterforeldre, i barnevernspedagog-utdanninga? Får dei noko opplæring i korleis du skal gå inn i eit gjensidig forhold til fosterforeldre? Korleis etablerer dei eigentleg eit godt samarbeid med fosterfamiliane? Det å opparbeide tillit som utgangspunkt for ein god relasjon er ikkje gjort i løpet av det første møtet. Det første møtet mellom to partar vil kanskje vere prega av usikkerheit og vil ikkje alltid ende med gode

kjensler hos begge partar. Det må gjerne fleire møter til før ein har danna ein god relasjon mellom partane. Det å ha eit system på denne opprettinga av kontakt mellom barnevernet og fosterheimane kan vere eit utgangspunkt for å sikre godt samarbeid. Det å vere i stand til å opprette gode relasjonar med fosterforeldra er ikkje noko som kjem naturleg for alle, og er heller ikkje noko ein lærer gjennom teoretiske fag i eit studie. Kanskje er det behov for meir øvingar retta mot nettopp dette med relasjonsbygging i studiet, og at studentane får veiledning undervegs og slik kan lære korleis dei skal gå fram i opprettinga av kontakt med fosterforeldra.

Erfaringa nokre av informantane har med at det lett har blitt misforståingar og at dei har blitt tolka feil når dei har tatt opp ting med barnevernet, viser til at kommunikasjonen mellom fosterforeldra og barnevernet har vore därleg. Dette har for nokre av informantane ført til at dei kvir seg for å kontakte barnevernet, og i størst mogleg grad klarer seg sjølv utan å blande dei inn. Om relasjonen til kontaktpersonane i barnevernet hadde vore betre, ville det gitt utgangspunkt for betre samarbeid mellom dei to partane.

Fleire av fosterforeldra nemner det å bli sett og høyrt som ein viktig del av det dei skildrar som god oppfølging frå barnevernet. Det dei forklarer som viktig i måten barnevernet møter dei på viser eit behov for anerkjennelse av arbeidet deira, jamfør kap. 2.3.3. Ein kan stille spørsmål til kva kompetanse dei tilsette i barnevernet har i forhold til det å vise anerkjennelse og vise at dei lyttar til fostermødrene. I anerkjennelse ligg til dømes det å gi detaljerte tilbakemeldingar på kva fostermødrene gjer rett og på kva som eventuelt bør gjerast på andre måtar. For at fostermødrene skal oppleve å få anerkjennelse for jobben dei gjer, krev det at saksbehandlarane viser fostermødrene at det dei fortel og deira meininger er av betydning. Er dette ferdigheiter som blir prioriterte og øvd på i barnevernspedagog-utdanninga?

Informant 2 forklarer at ho ikkje alltid opplever saksbehandlarane som fagleg dyktige, og i enkelte tilfelle vil ho skildre dei som amatørmessige. Ho snakkar også om det å vere personleg eigna for jobben i barnevernet, og er ikkje av den oppfatninga at alle ho har møtt på har vore nettopp det. I kapittel 2.3.4 skriv eg om skikkethetsvurderinga som no er tatt inn i dei fleste profesjonsutdanningar. Vurderinga av studentane sin skikkethet er som oftast tatt i samband med vurdering av bestått/ikkje bestått praksis. Men kva gjer høgskular og universitet for å skolere studentar i forhold til skikkethet? Blir eigna skikkethet lært ved å lese teori eller

å lytte til ei forelesing, eller får studentane veiledning på dette i praksisen? Har det vorte slik at praktiske ferdigheter får mindre og mindre plass i universitets- og høgskulesystemet?

Fordi det vil vere tilfeldig kva praksisveiledar ein møter eller kva veiledar frå utdanningsinstitusjonen som følgjer studenten opp, vil også praksisopplæringa som føregår kunne seiast å vere personavhengig. Kanskje er det på tide at ferdigheter som personleg kompetanse og skikkethet vektleggast i større grad i profesjonsutdanningar, nettopp for å redusere dei personlege forskjellane som tydeleg er til stades i desse yrka. Viss ikkje dette blir gjort, vil eit alternativ kanskje vere å krevje vidareutdanning i veiledning for tilsetjing i barnevernet, som foreslått i Norges offentlige utredninger, nr. 12, om barnevernet i Norge (2000, s. 14), jamfør kap. 2.3.2.

## 5.4 Oppfølging

### Kontroll og tilsyn

Lovverket og retningslinjene for barnevernet er klare på at minimumstalet på kontroll og tilsyn i fosterheimane er fire kontrollar og fire tilsyn i året, jamfør kap. 2.3.1. Til trass for dette er det berre to av informantane som har hatt alle fire kontrollane dei skal ha i året. Dette viser at også denne delen av oppfølginga er personavhengig. Alle informantane har tilsynsførar på plass, men somme av dei fortel at dei har måtte jobbe for å få orden på dette sjølv. Informant 6 fortel at ho og ei venninne skreiv brev til politikarane for å ordne opp i systemet med tilsynsførar, og at det vart bra etter dette. Informant 2 reagerte på at barnevernet ikkje sjølv fanga opp at tilsynsføraren deira ikkje hadde vore der på eit halvt år. Ho tok sjølv affære og fekk på plass ein ny tilsynsførar.

Nokre av dei informantane som ikkje har hatt dei fire besøka av barnevernet som dei har krav på, skildrar ikkje dette som eit problem. Dei fortel at dei synest to besøk i året er nok. Dette til trass for at informantane snakkar om behov for veiledning. Dette viser at sjølv dei som uttrykkjer at det er nøgde med oppfølginga frå barnevernet, har ikkje eigentleg fått dei besøka dei skal ha. Dette kunne knytast til at dei ikkje har behov for fleire besøk i året, hadde det ikkje vore for at dei skildrar nettopp eit slik behov. Dei vil ha moglegheit til å kunne snakke med barnevernet, bli høyrt og få anerkjennelse. Kvifor er ikke barnevernet sine kontrollar med fosterheimane nytta til nettopp dette?

Informant 5 skildrar at det var i kvardagen ho hadde størst behov for støtte frå barnevernet, noko ho ikkje opplevde å ha. Det å kunne ringje dei og få kontakt når ho stod i ein situasjon og var usikker på korleis ho skulle takle den, var ønskjeleg. Nokre gongar hadde ho berre behov for å ha nokon å snakke med. Ho fekk derimot ikkje tak i saksbehandlar når ho ringte, og fekk heller ikkje svar på e-post. Her stiller eg spørsmål til korleis heimebesøka kunne vore nytta til nettopp veiledning på kvardagslege situasjoner? Om barnevernet hadde vore tilstades for å observere samhandlinga mellom fosterforeldre og fosterbarn kunne dette vore eit godt utgangspunkt for å gi fosterforeldra tilbakemelding. Her kunne tilbakemelding vore nyttig både for å gi positive tilbakemeldingar og anerkjennelse for kva fosterforeldra meistra godt, samtidig med tilbakemelding på det dei burde handtere annleis.

Med eit minimum på fire kontrollar frå barnevernet saman med eit minimum på fire tilsyn i løpet av eit år, er desse åleine, heile 8 besøk i fosterheimen i året. Hadde alle fosterheimane fått alle desse besøka spreidd jamleg utover året, ville berre desse aleine vore eit godt utgangspunkt for oppfølginga. Om tilsynspersonane skriv grundige rapportar om kva dei finn om forholda, og desse blir brukt i den vidare oppfølginga av familien kan berre dette aleine vere ei god kjelde til å betre eventuelle utfordringar dei har. Om alle desse kontrollane er på plass og blir brukt til å veilede fosterforeldra i det dei har behov for der og då, kan dette vere god læring for dei, som kanskje fører til at dei vil ha mindre behov for dei akutte samtalane som nokre av informantane snakkar om. Blir tilsyna redusert, noko rapportar viser at dei har gjort i mange kommunar, dett også ei viktig kjelde til informasjon vekk. Det å få besøk av barnevernet og få veiledning tett på barnet og familien, samtidig som fosterforeldra føler at dei blir sett og får anerkjennelse for det dei gjer, kan trygge dei og gjere dei betre rusta i å stå aleine i situasjonane dei møter i kvardagen.

### **Forholdet til saksbehandlar**

Fem av seks av informantane har bytta saksbehandlar to eller fleire gongar. Dei har ulike syn på kor mange gongar det er vanleg å bytte saksbehandlar, og kva dei skal akseptere i forhold til dette. Dei skildrar store personlege forskjellar mellom saksbehandlarane, og har i ulik grad kome overeins med dei forskjellige saksbehandlarane dei har hatt. Av dette kan ein seie at også forholdet til saksbehandlarane er personavhengig. Det varierer stort om saksbehandlarane har ivaretaking av fosterforeldra høgt på sin dagsorden, eller ikkje.

Informant 6 fortel om korleis forholda endra seg frå den første saksbehandlaren ho hadde til den ho har no. Ho skildrar korleis ho opplever at den noverande saksbehandlaren ikkje bryr seg om saken, og ikkje er oppdatert på saken. Ho får heller ikkje kontakt med saksbehandlar utan at ho skriv at ho har noko viktig å ta opp. Det at saksbehandlaren ikkje har sett seg inn i saken ho har ansvar for har gjort at informant 6 har følt at kreftene til å kjempe for fosterbarnet har gått ut av ho, og ho fortel også at ho ikkje hadde klart seg utan hjelpa frå skulen til fosterbarnet.

Havik (2007, s. 71) skriv at alle aktørar i fosterheimsarbeidet over lengre tid har vore einige i at ei stadig shifting av saksbehandlarar i ei fosterheimspllassering ikkje er ønskjeleg. Ho peikar også på at det ho skildrar som god oppfølging av fosterheimar krev god utøving av skjønn, noko som medfører at saksbehandlaren sine forståingar og prioriteringar får stor betyding for føringane som blir gjeldande, jamfør kap. 2.3.3. Når saksbehandlarane jamleg blir skifta ut vil desse vurderingane kunne variere i stor grad, noko som vil kunne skape endringar og uføreseseilegeheit for fosterheimane. Dette viser igjen i erfaringane nokre av informantane fortel om. Informant 1 fortel til dømes at ho opplevde det som slitsamt å måtte fortelje alt på nytt for kvar gong ho fekk ny saksbehandlar. Sjølv om dei kunne setje seg inn i saka, følte ho eit behov for å dele si side og sine synspunkt. Dette er også i tråd med funn Moldestad & Skilbred (2010) gjorde i si undersøking, jamfør kap. 2.3.3.

Backe-Hansen, Havik & Grønningsæter (2013, s. 151) fann at kvar 5. fosterforelder meinte at saksbehandlar kjente barnet og dei sjølv lite, jamfør kap. 2.3.3. Om tilfellet er at saksbehandlar blir bytta ut med hyppige mellomrom, seier det seg sjølv at dette ikkje gjer noko for å oppretthalde ei god kontakt mellom fosterfamilien og barnevernet. Bunkholdt & Kvaran (2015, s. 310) skriv at ein føresetnad for eit godt samarbeidsklima mellom fosterfamilien og barnevernstenesta er at saksbehandlaren både er oppfatta som kompetent, og at han/ho er godt kjend med barnet og fosterforeldra. Det vert også nemnt som gunstig at saksbehandlaren viser interesse og engasjement i familien generelt, jamfør kap. 2.3.3. Informant 6 fortel at med den siste saksbehandlaren hennar er ingen av desse kriteria oppfylte, noko som ikkje kan seiast å vere noko godt utgangspunkt for kontakta dei mellom. Ved ei jamn shifting av saksbehandlarar, kan det også tenkjast at fosterforeldra misser lysta på å gjere ein innsats for å bli kjend med dei nye saksbehandlarane, fordi dei ikkje ventar seg å skulle ha kontakt med denne personen over lengre tid. Om fosterforeldra stiller med skepsis

som utgangspunkt for møtet med saksbehandlaren, vil heller ikkje dette vere med å skape ein god relasjon mellom dei to partane.

Informantane har ulike forventningar til skifte av saksbehandlarar. Informant 3 sette ned foten då barnevernet ville skifte saksbehandlar for andre gong, medan informant 6 skildrar det å ha 5 saksbehandlarar på 10 år som sensasjonelt lite i forhold til mange andre tilfelle ho har høyrt om. Her har samtalar med andre fosterforeldre vore med å påverke kva forventningar fostermødrene har sett seg, ut frå kva dei kanskje trur er mogleg og realistisk å kunne forvente. Det kan verke som at fostermødrene som har høyrt ”skrekkeksempel” på hyppige skifte av saksbehandlarar, har blitt påverka til å ha lågare forventningar til det å kunne behalde same saksbehandlar over lengre tid.

Skau (2017, s. 35) forklarer tillit som ein grunnleggjande faktor i alle forhold mellom menneske, og at ein må gjere seg fortent til tillit, jamfør kap. 2.3.4. Fostermødrene sine opplevingar av forholdet til saksbehandlarane dei har hatt, skildrar eit behov for tillit dei imellom. Informant 1 fortel at ho med to av saksbehandlarane var usikker på i kva grad ho kunne dele og fortelje, noko som viser lågare grad av tillit til desse to enn dei to andre ho fortel om. Informant 2 sa sjølv opp sin første saksbehandlar og forklarar at dei ikkje hadde tillit til ho, fordi ho ikkje snakka sant. Tillit til saksbehandlaren er slik eit kriterium fostermødrene set for god oppfølging frå barnevernet. Også skildringane av tilliten informantane har hatt til saksbehandlarane kan seiast å vere personavhengig.

## **Hyppigkeit og tilgjengeleight**

Informant 2 og informant 6 fortel at dei oppfattar det som best å halde kontakta med barnevernet på eit minimum. Informant 2 fortel om situasjonar der det å kople inn barnevernet har ført til misforståingar, og at ho av omsyn til fosterbarnet difor har avgjort at det å informere barnevernet ikkje alltid er nødvendig. For andre av informantane er årsaken meir knytt til at dei ikkje kjem i kontakt med barnevernet når dei ønskjer. Andre igjen slår på tråden akkurat når det måtte passe, og opplever då å få kontakt.

Informant 2 fortel at ho har vent seg til å ikkje kontakte barnevernet, men å heller halde kontakta med dei på eit minimum. Dette står i strid med det faktum at barnevernet har ansvar for å sikre at fosterbarnet får den oppfølginga som er nødvendig. Her kan det verke som om samarbeidet mellom fosterfamilien og barnevernet fungerer så därleg at fosterforeldra opplever at dei klarar seg betre utan kontakt med barnevernet. Det er

barnevernet som har ansvaret for å dekke fosterforeldra sitt behov for veiledning for at dei skal kunne ivareta fosterbarnet på best mogleg måte. Om kontakta mellom barnevernet og fosterfamilien er på eit minimum, kan ikkje dette ansvaret seiast å vere dekt. Om fosterforeldra opplever det som betre å ta i bruk nettverket sitt, vil det seie at barnevernet sitt system for oppfølging har feila. Det er ikkje vennar og naboar som skal stå for veiledninga av fosterforeldra, men barnevernet.

Informant 5 forklarar at det å ha ei gjensidig forståing med barnevernet om korleis ting skal gjerast og vegen framover er viktig for å kunne stå i oppdraget. Bunkholdt & Kvaran (2015, s. 311) skriv at fosterforeldra og barnevernstenesta er samarbeidspartnarar, og at dette bør uttrykkjast med bruk av ”vi” i samarbeidet, og ved å lytte til og støtte fosterforeldra sine løysingsforslag, jamfør kap. 2.3.3. Informant 5 skildrar nettopp denne form for støtte frå barnevernet som viktig i oppfølginga deira. Det verkar ikkje som informant 5 i alle tilfelle har opplevd å møte slik støtte frå kontakta med barnevernet.

Informant 4 har opplevd å måtte seie opp eit oppdrag, og grunnlegg dette med at oppfølginga var for därleg. Ho var likevel så motivert for å gjennomføre målet ho hadde sett seg om å hjelpe dette barnet, at ho seier ho ville heldt fram hadde det ikkje vore for at det gjekk utover hennar biologiske barn. Dette til tross for at ho overhovudet ikkje opplevde å ha god nok oppfølging frå barnevernet. Dette seier noko om kor mykje motivasjon ho hadde for å gjennomføre oppdraget. I dette tilfellet kan motivasjonen seiast å vere tilnærma uavhengig av oppfølginga frå barnevernet.

Informant 4 fortel at det i hennar noverande oppdrag i større grad er barnevernet som tek kontakt for å høyre korleis det går, enn at ho kontaktar dei. Ho skildrar at dei er tilgjengelege når ho har behov for å snakke med dei, og at ho er nøgd med dette. Informant 3 fortel at ho gjerne ringjer saksbehandlar for å snakke, fordi ho synest ho er så hyggelig å snakke med. Ho fortel også at ho opplever at saksbehandlaren er tilgjengeleg når ho tek kontakt, og at ho ringjer opp seinare om ho skulle vere opptatt. Informant 1 skildrar også eit godt forhold til saksbehandlaren og at ho kan ringje ho når ho lurer på noko og får då kontakt. Det å ha ein tilgjengeleg saksbehandlar som fosterforeldra får tak i når dei har behov, blir skildra som viktig.

Når informant 6 snakkar om oppfølginga dei siste åra, skildrar ho at ho ikkje har vore van med tett oppfølging frå barnevernet og brukar som eksempel at dei ofte har gitt beskjed

rett før eit møte på skulen at dei ikkje kan kome likevel. Dette kan nok for informanten opplevast som mangel på interesse, men kanskje er realiteten at saksbehandlaren enkelt nok ikkje alltid har kapasitet til å følgje opp. Det er stadig oppslag i media om at barnevernet har for dårlig kapasitet og for mange saker å følgje opp per tilsett. Samtidig er det stor forskjell frå kommune til kommune i kva grad barnevernet blir prioritert, med tal på tilsette, variasjon i profesjonane som er representert her, osv. Ut frå storleiken på kommunen vil det også variere kor mange tilsette dei har å ta av om det kjem opp uførutsette hendingar.

## **5.5 Barnevernet si dobbelrolle**

Backe-Hansen, Christiansen & Havik (2013, s. 33) skriv at forholdet mellom fosterforeldre og saksbehandlar ikkje er eit likeverdig forhold og at barnevernet har fleire aktørar å ta omsyn til, jamfør kap. 2.3.3, noko som viser til at barnevernet ofte står i ei dobbelrolle. Fordi eg har valt å ikkje ta med problematikken rundt samvær og samarbeid med biologiske foreldre i oppgåva, kjem ikkje barnevernet si dobbelrolle like tydeleg fram. Likevel er den relevant å nemne i korte trekk. Ifølgje Røkenes & Hanssen (2012, s. 216-217), må ein i analyse av mellommenneskeleg kommunikasjon sjå på intensjonane som ligg bak handlingane, korleis partane oppfattar dei andre sine intensjonar, og kva dei opplever og føler i kommunikasjonssituasjonen, jamfør kap. 2.3.4.

Barnevernet har ansvar for både ivaretaking av fosterforeldre, fosterbarnet og biologiske foreldre, saman med lover og retningslinjer dei må ta omsyn til. I somme tilfelle må barnevernet ta avgjersler som ikkje samsvarar med fosterforeldra sine interesser, noko som kan skape kommunikasjonsbrister som igjen kan føre til vanskar i den vidare relasjonen til fosterforeldra. Noko av det informantane fortel om misforståingar i kommunikasjonen med barnevernet, og at ikkje alle er tilfredse med alle deler av oppfølginga, kan indikere at det ligg noko i denne dobbelrolla barnevernet har. Det at barnevernet har fleire partar dei skal ta omsyn til, gjer at dei ikkje alltid vil kunne gjere fosterforeldra til lags. Dette er noko barnevernet burde trekke fram/diskutere ved starten av samarbeidet.

Så kva ligg det i at forholdet mellom barnevernet og fostermødrene ikkje er likeverdig? På den eine sida sit barnevernet med makta til å ta avgjersler og treng ikkje å ta omsyn til kva fostermødrene seier og meiner om saka. Samtidig står fostermødrene alltid fritt til å kunne seie opp avtalen, om barnevernet tek avgjersler som fostermødrene ikkje kan leve med. Saman med den store mangelen på fosterheimar kan dette ha noko å seie for i kva grad

barnevernet i stor grad kan våge å overkøyre fostermødrene. På den andre sida har nokre av informantane uttrykt at det skulle mykje til for at dei hadde sagt opp oppdraget sitt, av omsyn til fosterbarna. Dette til tross for at dei har opplevd oppfølginga frå barnevernet som därleg. Dette er ein liten indikasjon på at barnevernet til ei viss grad kan kome unna med därleg oppfølging, på grunnlag av at fosterforeldra er såpass dedikert til oppgåva. Denne problematikken er ikkje dekka nok i min intervjuguide til å kunne seie noko meir om, men er noko som kunne vere interessant å undersøkt vidare.

## 6.0 Konklusjon

Eg har skrive denne oppgåva ut frå problemstillinga: "*Korleis skildrar eit utval fostermødrer kontakta med og oppfølginga frå barnevernet?*" Forskingsmaterialet mitt er intervju med seks fostermødrer, og målet for oppgåva var å undersøkje korleis oppfølginga frå barnevernet er for desse seks. Funna eg har gjort refererer til informantane i denne undersøkinga, men kan likevel, saman med andre undersøkingar seie noko om kva som kan ligge i god oppfølging frå barnevernet. Ved bruk av semistrukturerte livsverdsintervju har eg hatt moglegheit til å skildre oppfølginga frå barnevernet gjennom fostermødrene sine auge. Vidare vil eg ta føre meg hovudfunna mine i korte trekk.

### **Eit personavhengig barnevern**

Funna mine peikar på at barnevernet si oppfølging av fostermødrene er svært personavhengig. Kva ligg så i dette? Når oppfølginga er personavhengig tyder det at ein ikkje kan vere sikker på at fostermødrene får god oppfølging. Når det gjeld fostermødrene i mitt utval, har dei ikkje kunne vore sikre på at saksbehandlarane verken har kompetansen til å kunne veilede dei, eller er interesserte i å setje seg inn i saka deira og gi dei tett oppfølging. Oppfølginga fostermødrene har motteke kan seiast å ha vore prega av tilfeldigheiter snarare enn stabilitet. Opplevingane til mine informantar utgjer berre mitt utval, men dei er også i tråd med tidlegare undersøkingar gjort på barnevernsfeltet og kan dermed tolkast å ha generaliseringsverdi.

### **Kva behov har fostermødrene?**

Informantane skildrar ulike behov og nytte for veiledning frå barnevernet, det same gjeld behovet for kurs arrangert av barnevernet. Alle har motteke veiledning i ei eller anna form. Det at nokre av informantane uttrykkjer at dei ikkje treng eller ønskjer veiledning frå barnevernet, kan vise at dei ikkje har opplevd kompetansen til saksbehandlarane som god nok knytt til deira situasjon. Det er ein føresetnad at barnevernet står for veiledninga av fosterforeldre, og at dei då har rett kompetanse til å kunne gjennomføre denne. Dette både for å sikre at fosterheimane får den rette kompetansen, og at barnet får den oppfølginga som er behov for.

Fostermødrene i undersøkinga skildrar at ein viktig del av eit godt samarbeid med barnevernet, inneber at dei får kontakt med barnevernet når dei har behov. Dette inneber at dei kan ringje og få veiledning i situasjonar dei er usikre på, men også at dei generelt får svar

når dei forsøker å kome i kontakt med barnevernet. I kontakta med barnevernet er det viktig for det at dei opplever å bli høyrt og anerkjent for det dei seier og gjer. Av dei ulike møta informantane fortel om, kjem det fram at relasjonsbygginga mellom fosterforeldra og barnevernet er grunnleggjande i opprettinga av eit godt samarbeid. Opprettinga av ein god relasjon må skje over tid, og kanskje er det behov for meir kompetanse blant barnevernstilsette på dette området.

### **Barnevernet sin kontrollfunksjon**

Informantane har ulike syn på i kva grad dei ønskjer kontakt med barnevernet, med bakgrunn i kva erfaringar dei har frå den kontakta dei har hatt. Berre to av seks informantar har hatt dei fire kontrollane barnevernet skal ha per år. Ikkje alle informantane viser misnøye over dette, eller skildrar det som eit problem. Desse kontrollane skal derimot også vere kontroll av fosterforeldra og fosterheimen generelt, noko som tilseier at fostermødrene sitt eventuelle behov eller ikkje-behov for besök ikkje skulle vere relevant for om det gjennomførast eller ikkje. Det at fostermødrene ikkje ser det som eit problem at dei får to kontrollar framfor fire i året, endrar ikkje det faktum at to færre kontrollar svekker i kva barnevernet faktisk har kontroll med at fosterheimen fungerer slik den skal for fosterbarnet.

Det informantane skildrar som viktig i god oppfølging og kontakt med barnevernet, har dei i ulik grad opplevd å få frå sine saksbehandlarar. Det eg skildrar som personavhengig i oppfølginga frå barnevernet viser seg igjen i informantane sine møter med ulike saksbehandlarar. Det kan seiast å vere tilfeldigheiter som avgjer om dei får ein saksbehandlar som lev opp til dei forventningane og behova dei har. Dette kan vere ein indikasjon på at noko ikkje fungerer i organiseringa av barnevernet, og rutinane dei arbeider etter. Kanskje er der også behov for gjennomgåing av barneversutdanninga, for å sikre at kompetansen for tilsette er jamnare frå person til person. Likså kan det ut frå informantane sine opplevingar vere behov for meir praktiske øvingar retta mot veiledninga av fosterforeldra, og relasjonsbygginga som skal sikre eit godt samarbeid.

## Litteratur

Andersen, B. (2018, 5. april). Der barna blir henta av barnevernet. *Norsk riksringkasting*.

Henta frå:

<https://www.nrk.no/nordland/der-barna-blir-henta-av-barnevernet-1.13771315>

Backe-Hansen, E. Christiansen, Ø. & Havik, T. (2013). *Utilsiktet flytting fra fosterhjem. En litteratursammenstilling*. (NOVA Notat 2/13). Henta frå:

[http://www.nova.no/asset/6378/1/6378\\_1.pdf](http://www.nova.no/asset/6378/1/6378_1.pdf)

Backe-Hansen, E., Havik, T. & Grønningsæter, A. B. (2013). *Fosterhjem for barns behov. En rapport fra et fireårig forskningsprogram*. (NOVA rapport 16/13)

Barne-, likestillings-, og inkluderingsdepartementet. (2010). Fosterhjemsavtalen.

Henta frå:

[https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/bld/barnevern/2011/fosterhjemsavtalen\\_2011.pdf](https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/bld/barnevern/2011/fosterhjemsavtalen_2011.pdf)

Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet. (2004, 15. juli). Rettsdata. Henta frå:

[https://www.bufdir.no/bibliotek/RettsdataStartPage/Rettsdata/?grid=gRSz20Qz2D107\\_2z20B](https://www.bufdir.no/bibliotek/RettsdataStartPage/Rettsdata/?grid=gRSz20Qz2D107_2z20B)

Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet. (2015, 17. april). Gruppeveiledning for fosterforeldre. Henta frå:

[https://www.bufdir.no/Fosterhjem/Alle\\_kontorer/Oslo\\_kommune/Veiledingstilbudet\\_i\\_Oslo/Gruppeveiledning\\_for\\_fosterforeldre/](https://www.bufdir.no/Fosterhjem/Alle_kontorer/Oslo_kommune/Veiledingstilbudet_i_Oslo/Gruppeveiledning_for_fosterforeldre/)

Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet. (2017a, 24. april). Organisasjon. Henta frå:

[https://www.bufdir.no/Kontakt/Om\\_Bufdir\\_og\\_Bufetat/Om\\_Bufdir/](https://www.bufdir.no/Kontakt/Om_Bufdir_og_Bufetat/Om_Bufdir/)

Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet. (2017b, 11. mai). Delta på kurs. Henta frå:

[https://www.bufdir.no/Fosterhjem/Hvordan\\_bli\\_fosterhjem/Delta\\_pa\\_kurs/](https://www.bufdir.no/Fosterhjem/Hvordan_bli_fosterhjem/Delta_pa_kurs/)

Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet. (2017c, 31. mai). Veiledning og oppfølging av fosterforeldre. Henta frå:

[https://www.bufdir.no/Fosterhjem/Veiledning\\_og\\_oppfolgning\\_av\\_fosterforeldre/](https://www.bufdir.no/Fosterhjem/Veiledning_og_oppfolgning_av_fosterforeldre/)

Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet. (2017d, 26. september). Fosterhjem, familiehjem, beredskapshjem, besökshjem – hva er forskjellen? Henta 25. januar 2018 frå: [https://www.bufdir.no/Fosterhjem/Ulike\\_typer\\_fosterhjem/](https://www.bufdir.no/Fosterhjem/Ulike_typer_fosterhjem/)

Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet. (2017e, 22. november). Barn og unge som er

plassert utenfor hjemmet. Henta frå:

[https://bufdir.no/Statistikk\\_og\\_analyse/Barnevern/Barn\\_og\\_unge\\_med\\_tiltak\\_fra\\_barn\\_evernet/Barn\\_og\\_unge\\_plassert\\_utenfor\\_hjemmet/#heading13561](https://bufdir.no/Statistikk_og_analyse/Barnevern/Barn_og_unge_med_tiltak_fra_barn_evernet/Barn_og_unge_plassert_utenfor_hjemmet/#heading13561)

Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet. (2018a, 25. januar). Betaling og rettigheter. Henta frå: <https://www.bufdir.no/Fosterhjem/betaling/>

Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet. (2018b, 7. Februar). Veiledning og oppfølging av fosterforeldre. Henta frå:

[https://www.bufdir.no/Fosterhjem/Veiledning\\_og\\_oppfolging\\_av\\_fosterforeldre/](https://www.bufdir.no/Fosterhjem/Veiledning_og_oppfolging_av_fosterforeldre/)

Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet. (2018c, 5, mars). Hvilk informasjon bør fosterhjemmet få når et barn skal flytte i fosterhjem? En sjekkliste for barnevernstjenesten. Henta frå:

[https://www.bufdir.no/Barnevern/Fagstotte/Fosterhjem/Sjekkliste\\_informasjon/](https://www.bufdir.no/Barnevern/Fagstotte/Fosterhjem/Sjekkliste_informasjon/)

Barnevernloven. Lov 17. juli 1992 nr. 100 om barneverntjenester. Henta frå:

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1992-07-17-100>

Barneloven. Lov av 8. april 1981 nr. 7 om barn og foreldre. Henta frå:

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1981-04-08-7>

Bunkholdt, V. (2017). *Fosterhjemsarbeid. Fra rekruttering til tilbakeføring.* (4. utg.). Oslo: Gyldendal.

Bunkholdt, V. & Kvaran, I. (2015). *Kunnskap og kompetanse i barnevernsarbeid.* Oslo: Gyldendal.

Corbin, J. & Strauss, A. (2008). *Basics of Qualitative Research: Techniques and Procedures for Developing Grounded Theory.* (3rd ed.). Henta frå:

<http://methods.sagepub.com.ezproxy.hioa.no/book/basics-of-qualitative-research>

Dalen, M. (2011). *Intervju som forskningsmetode.* (2. utg.). Oslo: Universitetsforlaget.

Forskrift om fosterhjem. *Forskrift 18. desember 2003 om fosterhjem.* Henta frå:

<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2003-12-18-1659>

Forskrift om skikkethetsvurdering i høyere utdanning. *Forskrift 30. juni 2006 om skikkethetsvurdering i høyere utdanning.* Henta frå:

<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2006-06-30-859>

Fossum, C. & Hagen, A. (2017. 15. desember.). 350 barn mangler fosterhjem i Norge: - Det haster å finne nye. *Norsk riksringkasting.* Henta frå: <https://www.tv2.no/a/9556325/>

- Havik, T. (2007) *Slik fosterforeldrene ser det.* Barnevernets utviklingssenter på Vestlandet.
- Jacobsen, H. (2009). Fosterbarn med tilknytningsvansker og tilknytningsforstyrrelser – hvilke veilednings- og behandlingsmetoder bør vi anbefale? *Tidsskriftet Norges Barnevern*, (86). S. 40-51.
- Kapstad, S. M. (2014). Veiledning av fosterforeldre ut i fra deres oppfatning av barnet. *Tidsskriftet Norges Barnevern*, (91). S. 94-105.
- Kvale, S. & Brinkmann, S. (2015). *Det kvalitative forskningsintervju.* (3. utg). Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.
- Lindhiem, O. & Dozier, M. (2007). Caregiver Commitment to Foster Children. *Child Abuse & Neglect*, 2007(4). S. 361-374. Henta frå: <https://www.ncbi.nlm.nih.gov/pmc/articles/PMC1992530/>
- Majid, S. & Byermoen, T. (2018, 5. april). Tilsyn av fosterbarn: Disse kommunene sviktet mest. *VG*. Henta frå: <https://www.vg.no/nyheter/innenriks/i/VReWA4/tilsyn-av-fosterbarn-disse-kommunene-sviktet-mest>
- Moldestad, B. & Skilbred, D. (2010). Når barn bor i fosterhjem – Utfordringer i samarbeidet mellom foreldre og barneverntjenesten. *Tidsskriftet Norges Barnevern*, (87). s. 32-45. Henta frå: <https://www.idunn.no/tnb/2010/01/art02>
- Norsk senter for forskningsdata. (2018, 26. februar). Henta frå: [http://www.nsd.uib.no/personvernombud/om\\_oss.html](http://www.nsd.uib.no/personvernombud/om_oss.html)
- NOU 2009:8 (2009). *Kompetanseutvikling i barnevernet – kvalifisering til arbeid i barnevernet gjennom praksisnær og forskningsbasert utdanning.* Henta frå: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2009-08/id558007/>
- NOU 2000:12 (2000). *Barnevernet i Norge. Tilstandsvurderinger, nye perspektiver og forslag til reformer.* Henta frå: [https://www.regjeringen.no/contentassets/051e391fbb3d4ef2be97a4478dd62e86/no/pd\\_fa/nou200020000012000dddpdfa.pdf](https://www.regjeringen.no/contentassets/051e391fbb3d4ef2be97a4478dd62e86/no/pd_fa/nou200020000012000dddpdfa.pdf)
- Oterholm, I. (2016). Kompetanse til arbeid i barneverntjenesten – ulike aktørers synspunkter. *Tidsskriftet Norges Barnevern*, 2016.(93) s. 146-164.
- Retningslinjer for fosterhjem. Retningslinjer av 15. juli 2004 til lov om barnevernstjenester av

17. juli 1992 nr. 100. Henta frå:

<https://www.bufdir.no/bibliotek/RettsdataStartPage/Rettsdata/?grid=gRSz20Qz2D1072z20B>

Røkenes, O. H. & Hanssen P. H. (2012) *Briste eller bære*. (3. utg.) Bergen: Fagbokforlaget.

Schofield, G. & Beek, M. (2014). *Å fremme tilknytning og resiliens. Trygg Base modellen – en veileder for fosterforeldre*. Henta frå:

[https://uni.no/media/manual\\_upload/Trygg\\_Base\\_-\\_hefte\\_for\\_fosterforeldre.pdf](https://uni.no/media/manual_upload/Trygg_Base_-_hefte_for_fosterforeldre.pdf)

Skau, G. M. (2017). *Gode fagfolk vokser. Personlig kompetanse i arbeid med mennesker*. (5. utg.). Oslo: Cappelen.

Stefansen, K. & Hansen, T. (2014). "En god forberedelse til å bli fosterforeldre". *Evaluering av opplæringsprogrammet PRIDE*. NOVA rapport 3/2014.

Thagaard, T. (2013). *Systematikk og innlevelse. En innføring i kvalitativ metode*. (4. utg.). Bergen: Fagbokforlaget.

Tveiten, S. (2008). *Veiledning – mer enn ord*. (3. utg.) Bergen: Fagbokforlaget.

Ulleberg, I. & Jensen, P. (2017). *Systemisk veiledning i profesjonell praksis*. Bergen: Fagbokforlaget.

Universitets- og høyskoleloven. Lov 1. januar 2005 nr. 15 om universiteter og høyskoler.

Henta frå: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-04-01-15>

## Vedlegg 1

### NSD forskingsløyve



Nicolay B. Johansen  
Pilestredet 35  
0130 OSLO

Vår dato: 25.01.2018

Vår ref: 57947 / 3 / AMS

Deres dato:

Deres ref:

### Vurdering fra NSD Personvernombudet for forskning § 31

Personvernombudet for forskning viser til meldeskjema mottatt 20.12.2017 for prosjektet:

|                      |   |
|----------------------|---|
| 57947                | <i>Fosterforeldres opplevelse av oppfølgingen fra barnevernet</i>     |
| Behandlingsansvarlig | <i>Høgskolen i Oslo og Akershus, ved institusjonens øverste leder</i> |
| Daglig ansvarlig     | <i>Nicolay B. Johansen</i>  |
| Student              | <i>Erika Weiberg-Aurdal</i>   |

#### Vurdering

Etter gjennomgang av opplysningene i meldeskjemaet og øvrig dokumentasjon finner vi at prosjektet er meldepliktig og at personopplysningene som blir samlet inn i dette prosjektet er regulert av personopplysningsloven § 31. På den neste siden er vår vurdering av prosjektopplegget slik det er meldt til oss. Du kan nå gå i gang med å behandle personopplysninger.

#### Vilkår for vår anbefaling

Vår anbefaling forutsetter at du gjennomfører prosjektet i tråd med:

- opplysningene gitt i meldeskjemaet og øvrig dokumentasjon
- vår prosjektvurdering, se side 2
- eventuell korrespondanse med oss

Vi forutsetter at du ikke innhenter sensitive personopplysninger.

#### Meld fra hvis du gjør vesentlige endringer i prosjektet

Dersom prosjektet endrer seg, kan det være nødvendig å sende inn endringsmelding. På våre nettsider finner du svar på hvilke [endringer](#) du må melde, samt endringsskjema.

#### Opplysninger om prosjektet blir lagt ut på våre nettsider og i Meldingsarkivet

Vi har lagt ut opplysninger om prosjektet på nettsidene våre. Alle våre institusjoner har også tilgang til egne prosjekter i [Meldingsarkivet](#).

#### Vi tar kontakt om status for behandling av personopplysninger ved prosjektlutt

Ved prosjektlutt 15.05.2018 vil vi ta kontakt for å avklare status for behandlingen av

personopplysninger.

Se våre nettsider eller ta kontakt dersom du har spørsmål. Vi ønsker lykke til med prosjektet!

Marianne Høgetveit Myhren

Anne-Mette Somby

Kontaktperson: Anne-Mette Somby tlf: 55 58 24 10 / [anne-mette.somby@nsd.no](mailto:anne-mette.somby@nsd.no)

Vedlegg: Prosjektvurdering

Kopi: Erika Weiberg-Aurdal, [e\\_w.a@hotmail.com](mailto:e_w.a@hotmail.com)

**Personvernombudet for forskning****Prosjektvurdering - Kommentar**

Prosjektnr: 57947

Prosjektet skal innhente data gjennom intervjuer med fosterforeldre. Vi minner om at fosterforeldre har taushetsplikt og at de ikke kan gi taushetsbelagt informasjon i intervjuene. Det betyr for eksempel at fosterforeldre ikke kan gi fra seg informasjon om barnet/barna de er fosterforeldre til. De bør ikke gi informasjon om andre tredjepersoner slik at de kan gjenkjennes. intervjuene må derfor gjennomføres uten at du ber om detaljerte opplysninger om barn eller ansatte i Barnevernet.

Du har opplyst i meldeskjema at utvalget vil motta skriftlig og muntlig informasjon om prosjektet, og samtykke skriftlig til å delta. Vår vurdering er at informasjonsskrivet til utvalget er godt utformet.

Personvernombudet forutsetter at du behandler alle data i tråd med Høgskolen i Oslo og Akershus sine retningslinjer for datahåndtering og informasjonssikkerhet. Vi legger til grunn at bruk av privat pc er i samsvar med institusjonens retningslinjer.

Prosjektslutt er oppgitt til 15.05.2018. Det fremgår av meldeskjema/informasjonsskriv at du vil anonymisere datamaterialet ved prosjektslutt. Anonymisering innebærer vanligvis å:

- slette direkte identifiserbare opplysninger som navn, fødselsnummer, koblingsnøkkel
- slette eller omskrive/gruppere indirekte identifiserbare opplysninger som bosted/arbeidssted, alder, kjønn

For en utdypende beskrivelse av anonymisering av personopplysninger, se Datatilsynets veileder:

<https://www.datatilsynet.no/globalassets/global/regelverk-skjema/veiledere/anonymisering-veileder-041115.pdf>

Vedlegg 2

## **Forespørrelse om deltagelse i forskningsprosjektet**

### ***"Fosterforeldres opplevelse av oppfølgingen fra barnevernet"***

#### **Bakgrunn og formål**

Jeg er student ved Master i Sosialfag, retning Barnevern, ved Høgskolen i Oslo og Akershus. Jeg skal skrive en masteroppgave om barnevernets oppfølging av fosterforeldre, der jeg ønsker å undersøke hvordan oppfølgingen fra barnevernet oppleves fra fosterforeldrenes side. Fokuset mitt vil altså være å se på problemstillingen fra fosterforeldre sitt perspektiv.

I denne sammenheng ønsker jeg å gjennomføre intervju av fosterforeldre. Jeg vil derfor spørre om deg/dere har mulighet til å stille på intervju med spørsmål innenfor dette temaet.

#### **Hva innebærer deltagelse i studien?**

Spørsmålene vil omhandle deres rolle som fosterforeldre og gå litt inn på eventuelle utfordringer dere har møtt/møter i hverdagen. Jeg ønsker også å stille spørsmål som går på din/deres kontakt med barnevernet og hvilken form for oppfølging dere får. Intervjuet vil ha en varighet på maks 1-2 timer.

Intervjuet vil bli lagret med lydopptak som transkriberes.

#### **Hva skjer med informasjonen om deg?**

Alle personopplysninger vil bli behandlet konfidensielt. Kun student og veileder vil ha tilgang til personopplysninger.

Alle personopplysninger vil anonymiseres og deltakere vil ikke kunne gjenkjennes i publikasjon.

Prosjektet skal etter planen avsluttes i mai 2018.

Personopplysninger og lydopptak vil da bli slettet.

#### **Frivillig deltagelse**

Det er frivillig å delta i studien, og du kan når som helst trekke ditt samtykke uten å oppgi noen grunn. Dersom du trekker deg, vil alle opplysninger om deg bli anonymisert.

Dersom du ønsker å delta eller har spørsmål til studien, ta kontakt med:

Erika Weiberg-Aurdal      95759506      e\_w.a@hotmail.com

Nicolay Borchgrevink Johansen      nicolay-borchgrevink.johansen@hioa.no

Studien er meldt til Personvernombudet for forskning, NSD - Norsk senter for forskningsdata AS.

## **Samtykke til deltagelse i studien**

Jeg har mottatt informasjon om studien, og er villig til å delta

---

(Signert av prosjektdeltaker, dato)

**Vedlegg 3**  
**Intervjuguide**  
**Bakgrunn**

- Hvor lang fartstid har du/dere som fosterforeldre?
- Har du/dere hatt en eller flere fosterbarn?
- Hva er bakgrunnen for at du valgte å bli fostermor?
- Deltok du/dere på noen form for kurs eller opplæring i forkant av plasseringen?
- Skrev dere under på fosterhjemsaftalen i forkant av plasseringen?
- Fikk dere tilbud om veiledning i løpet av det første året som fosterforeldre? I hvilken form? Takket dere ja til tilbuddet?
- Opplever du at du har fått tilstrekkelig informasjon og innføring i fosterbarnets situasjon og eventuelle utfordringer?
- Oppfølging i forhold til dette?

**Kontakt med barnevernet**

- Når var du/dere sist i kontakt med kontaktperson i barnevernet og hva snakket du/dere om?
- Vil du/dere beskrive denne samtalen som vanlig ifht kontakten dere har hatt med han/henne tidligere?
- Har du/dere ofte slike samtaler?
- Når hadde du/dere sist besøk av kontaktperson i barnevernet? Vil du/dere fortelle litt om hvordan besøket opplevdes for deg/dere? Hvor ofte har dere hatt slike besøk?
- Hvor ofte er du/dere i kontakt med kontaktperson i barnevernet? Er det kontaktperson som tar kontakt eller du/dere?

**Råd og veiledning**

- I perioden du/dere har vært fosterforeldre, i hvilken grad har du/dere følt behov for råd og veiledning fra barnevernet?
- I hvilken grad opplever du/dere at dette behovet har blitt dekket?
- Hvordan er råd og veiledningen i praksis?
- Opplever du/dere at kontaktperson har rett kompetanse til å kunne gi råd og veiledning ifht deres fosterbarn? Har dere evt blitt henvist videre til andre med mer relevant kompetanse?
- Når var du/dere som fosterforelder sist i en situasjon du/dere var usikker på hvordan du skulle takle? Beskriv situasjonen.
- Tenkte du/dere på å rådføre deg/dere med barnevernet i denne situasjonen? Hvorfor/hvorfor ikke? Gjorde du det?
- Hvordan vil du/dere beskrive terskelen for å ta kontakt med barnevernet? Er den høy eller lav?
- Hvor tilgjengelig er kontakten i barnevernet?

**Oppfølging**

- Hvordan opplever du/dere oppfølgingen fra barnevernet generelt?
- Har du noen gang vurdert å gi opp som fosterforelder? Hva skulle eventuelt til?
- I hvilken grad vil du/dere si at oppfølgingen fra barnevernet er medvirkende i dette?

Er det noe du vil tilføye?